

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 94.



MEIERIBRUKET
I NOREG
1950

L'industrie laitière de la Norvège en 1950

UTGJEVEN AV
STATISTISK SENTRALBYRÅ

OSLO
I KOMMISJON HOS H. ASCHEHOUG & CO.
1952

Pris kr. 2.50 + oms.avgift

Noregs Offisielle Statistikk, rekkje XI. (Statistique Officielle de la Norvège, série XI.)

Prenta 1951.

Rekkje XI.

- Nr. 44. Jordbruksstatistikk 1949. (*Superficies agricoles et élevage du bétail. Récoltes etc.*)
- 45. Meieribruket i Norge 1949. (*L'industrie laitière de la Norvège.*)
- 46. Representativ bedriftstelling i varehandelen 13. oktober 1948. (*Recensement représentatif d'établissements dans le commerce de marchandises.*)
- 47. Økonomisk utsyn over året 1950. (*Aperçu de la situation économique.*)
- 48. Skattestatistikken 1948—49. (*Répartition d'impôts.*)
- 49. Norges sivile, geistlige, rettslige og militære inndeling 1. januar 1951. (*Les divisions civiles, ecclésiastiques, judiciaires et militaires du royaume de Norvège le 1. janvier 1951.*)
- 50. Folketellingen i Norge 3. desember 1946. IV. Folkemengde etter kjønn, alder etc. Fremmede statsborgere. (*Recensement du 3 décembre 1946. IV. Population par sexe, âge etc. Sujets étrangers.*)
- 51. Norges private aksjebanker og sparebanker 1949. (*Statistique des banques privées par actions et des caisses d'épargne.*)
- 52. Forsikringsselskaper 1949. (*Sociétés d'assurances.*)
- 53. Veterinærvesenet 1949. (*Service vétérinaire.*)
- 54. Arbeidslønninger 1949. (*Salaires des ouvriers.*)
- 55. Norges bergverksdrift 1949. (*Mines et usines.*)
- 56. Norges jernbaner 1947—48. (*Chemins de fer norvégiens.*)
- 57. Syketrygden 1948. (*Assurance-maladie nationale.*)
- 58. Norges fiskerier 1948. (*Grandes pêches maritimes.*)
- 59. Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1950. (*Dette etc. des communes.*)
- 60. Norges handel 1949. (*Commerce.*)
- 61. Telegrafverket 1949—50. (*Télégraphes et téléphones de l'Etat.*)
- 62. Fiskeritelling 1. oktober 1948. I. Tallet på fiskere, deltaking i fiske osv. (*Recensement des pêches maritimes le 1. octobre 1948. I. Nombre de pêcheurs, participation aux pêches etc.*)
- 63. Fortegnelse over Norges Offisielle Statistikk 1828—1950. (*Catalogue de la Statistique Officielle.*)
- 64. Norges industri 1949. (*Statistique industrielle.*)
- 65. Statistisk Sentralbyrå gjennom 75 år. (*Bureau Central de Statistique du Royaume de Norvège 1876—1951.*)
- 66. Alkoholstatistikk 1949—1950. (*Statistique de l'alcool.*)
- 67. Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1948. (*Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*)
- 68. Norges postverk 1950. (*Statistique postale.*)
- 69. Jordbruksstatistikk 1950. (*Superficies agricoles et élevage du bétail. Récoltes etc.*)
- 70. Fiskeritelling 1. oktober 1948. II. Fiskefarkoster og tilvirkeranlegg. (*Recensement des pêches maritimes le 1. octobre 1948. II. Embarcations et fabriques de préparations.*)
- 71. Jordbrukstellingen i Norge 20. juni 1949. II. Ejendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. (*Recensement du 20. juin 1949. II. Conditions de propriété, nombre d'ouvriers etc.*)
- 72. Skattestatistikken 1949—50. (*Répartition d'impôts.*)
- 73. Norske skip i utenriksfart 1946—1948. (*Navigation extérieure de la marine marchande norvégienne.*)

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 94.



MEIERIBRUKET
I NORREG
1950

L'industrie laitière de la Norvège en 1950

UTGJEVEN AV
STATISTISK SENTRALBYRÅ

OSLO
I KOMMISJON HOS H. ASCHEHOUG & CO.
1952

Utkomen før:

Meieribruket i Norge 1925, Norges Off. Statistikk, VIII,	31.
" 1926, "	" " " " 58.
" 1927, "	" " " " 83.
" 1928, "	" " " " 117.
" 1929, "	" " " " 152.
" 1930, "	" " " " 179.
" 1931, "	" " " " IX, 6.
" 1932 "	" " " " 28.
" 1933, "	" " " " 50.
" 1934, "	" " " " 72.
" 1935, "	" " " " 98.
" 1936, "	" " " " 124.
" 1937, "	" " " " 150.
" 1938, "	" " " " 180.
" 1939, "	" " " " X, 6.
" 1940, "	" " " " 31.
" 1941, "	" " " " 57
" 1942, "	" " " " 82.
" 1943, "	" " " " 90.
" 1944, "	" " " " 110.
" 1945, "	" " " " 138.
" 1946, "	" " " " 153.
" 1947, "	" " " " 173.
" 1948, "	" " " " XI, 12.
" 1949, "	" " " " 45.

For tidlegare år sjå dei femårlege publikasjonane fra Byrået.
 Jordbruk og fedrift 1876-1885, 1886-1890, 1891-1895, 1896-1900, 1901-1905, 1906-1910, 1911-1915 og 1916-1920, og Statistik angaaende det norske Jordbrug 1871-1875.

I N N H A L D.

	Side
Føreord	8
Samandrag	9
Summary in English	11
 O v e r s y n .	
I. Det statistiske materiale	13
II. Omfanget av meieridrifta, vanlege driftsvilkår og driftsresultat	13
1. Meieria og kvar dei ligg	13
2. Eigedomstilhøva, driftstid og personale	14
3. Innvegen mjelkemengd og retur av separert mjølk og myse m.v.	16
4. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer. Inndeling av meieria etter storleik	18
5. Produksjon av smør, ost og mysost	19
6. Sal av mjølk o.a.	21
7. Mjølkeomsetnad utanom meieria	23
8. Oppgåver frå margarinindustrien	23
9. Mjølkemengda fordelt etter måten mjølka er nytta på	25
10. Meieria grupperte etter produksjon	26
11. Dei økonomiske resultata	27
a. Prisar	27
b. Statstilskotta til mjøkeproduksjonen	30
c. Driftsresultat	30
III. Driftsforma ved dei einskilde meieria	36
1. Mjøkesalsmeieri	37
2. Samlestasjonar	38
3. Smørmeieri	39
4. Søtermeieri	42
6. Mysostkokeri	42
7. Smør- og ostemeieri	44
8. Gamalostysteri	46
9. Meieri med blanda drift	47
10. Kondenseringsfabrikkar	48
11. Samandrag	49
IV. Investeringer i meieridrifta	50
 T a b e l l a r .	
1. Meieria delte på grupper etter produksjon	53
2. Meieria, kvar dei ligg, eigedomstilhøva, tidadei var i drift, personale o.a.	54
3. Innvegen mjølk og retur av separert mjølk og myse o.a.	54
4. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer. Meieria inndelte etter mjølkemengd	56
5. Mjøkesal til konsum (forbrukarar)	56
6. Produksjon av smør, ost og mysost	58
7. Samla mjølkeomsetnad. Kva mjølka er nytta til og økonomisk resultat av drifta for kvart einskilt meieri i 1950	60
8. Utgifter til utstyr av alle slag, hus, byggjearbeid o.a.	72
9. Utgifter til vøling	72

C O N T E N T S.

	Page
P r e f a c e	8
S u m m a r y i n N o r w e g i a n	9
" " E n g l i s h	11
G e n e r a l s u r v e y .	
I. The statistical material	13
II. Production in terms of volume and kroner value, general operating conditions ..	13
1. The dairies and their geographical location	13
2. Ownership, periods of operation and number of employees	14
3. Volume of milk weighed in and volume of skimmed milk and whey returned to producers	16
4. Fat content of milk, basis of payment (to producers) and classification of dairies according to size	18
5. Production of butter, casein cheese and whey cheese	19
6. Sales of milk by dairies to consumers	21
7. Other sales of milk	23
8. Reports from the margarine industry	23
9. Utilization of milk	25
10. Classification of dairies according to products manufactured	26
11. Financial statements	27
a. Prices	27
b. State subvention to milk production	30
c. General operating results	30
III. Different types of dairies and general operating conditions	36
1. Dairies selling milk	37
2. Milk receiving stations	38
3. Dairies producing butter	39
4. Dairies located in outlying districts	42
6. Dairies producing whey cheese	42
7. Dairies producing both butter and cheese	44
8. Dairies producing "gamalost" (old Norwegian cheese)	46
9. Dairies producing a variety of products	47
10. Condenserries	48
11. Summary	49
IV. Investments in dairy industry	50
T a b l e s .	
1. Classification of dairies according to production	53
2. Dairies and their geographical location, ownership, periods of operation and number of employees etc.	54
3. Volume of milk weighed in and volume of skimmed milk and whey returned to producers	54
4. Fat content of milk, basis of payment and classification of dairies according to size	56
5. Sale of milk to consumers	56
6. Production of butter, casein cheese and whey cheese	58
7. Volume of milk weighed in and utilization of the milk, financial statements of each dairy during 1950	60
8. Expenditures for various kinds of equipment, house-building, costs of building etc.	72
9. Expenditures for repairs	72

T A B L E D E S M A T I E R E S.

	Pages
P r é f a c e	8
R é s u m é e n n o r v é g i e n	9
" " a n g l a i s	11
A p e r q u	
I. M a t é r i a u x s t a t i s t i q u e s	13
II. V o l u m e , c o n d i t i o n s e t r é s u l t a t s d' e x p l o i t a t i o n d e l' i n d u s t r i e l a i t i è r e	13
1. N o m b r e e t s i t u a t i o n d e s l a i t e r i e s	13
2. F o r m e s d e p r o p r i é t é , c a m p a g n e e t p e r s o n n e l d e s l a i t e r i e s e t c	14
3. Q u a n t i t é d u l a i t t r a i t é e t r e n v o i s d u l a i t é c r é m é e t p e t i t - l a i t a i g r e , e t c	16
4. C o n t e n u d e g r a i s s e d u l a i t , m o d e s d u p a y e m e n t e t r é p a r t i t i o n d e s l a i t e r i e s p a r g r o u p e s d e g r a n d e u r	18
5. P r o d u c t i o n d e b e u r r e , f r o m a g e e t f r o m a g e d u p e t i t - l a i t a i g r e	19
6. V e n t e d u l a i t , e t c	21
7. V e n t e d u l a i t h o r s d e s l a i t e r i e s	23
8. D o n n é e s d e l' i n d u s t r i e d e m a r g a r i n e	23
9. Q u a n t i t é d u l a i t d e s l a i t e r i e s r é p a r t i e p a r l e m o d e d' e m p l o i	25
10. R é p a r t i t i o n d e s l a i t e r i e s p a r d i r e c t i o n d e p r o d u c t i o n	26
11. R é s u l t a t s é c o n o m i q u e s d e l' i n d u s t r i e l a i t i è r e	27
a. L e s p r i x	27
b. S u b v e n t i o n d e l' E t a t à l a p r o d u c t i o n d e l a i t	30
c. R é s u l t a t s d e l' e x p l o i t a t i o n	30
III. C o n d i t i o n s d' e x p l o i t a t i o n s d e s d i f f é r e n t s t y p e s d e l a i t e r i e	36
1. L a i t e r i e s d e v e n t e d u l a i t	37
2. S t a t i o n s d e r é c e p t i o n d u l a i t	38
3. L a i t e r i e s d e b e u r r e	39
4. L a i t e r i e s d e m o n t a g n e s	42
6. F a b r i q u e s d u f r o m a g e f a i t a v e c p e t i t - l a i t a i g r e	42
7. L a i t e r i e s d e b e u r r e e t d e f r o m a g e c o m b i n é e s	44
8. F a b r i q u e s d u f r o m a g e f a i t	46
9. L a i t e r i e s d e f o r m e s d' e x p l o i t a t i o n s m e l é e s	47
10. F a b r i q u e s d u l a i t c o n d e n s é	48
11. R é s u m é	49
IV. I n v e s t i s s e m e n t s d a n s l' i n d u s t r i e l a i t i è r e	50
T a b l e a u x	
1. R é p a r t i t i o n d e s l a i t e r i e s p a r d i r e c t i o n d e p r o d u c t i o n	53
2. N o m b r e , s i t u a t i o n , f o r m e s d e p r o p r i é t é , c a m p a g n e e t p e r s o n n e l d e s l a i t e r i e s e t c	54
3. Q u a n t i t é d u l a i t t r a i t é e t r e n v o i s d u l a i t é c r é m é e t p e t i t - l a i t a i g r e	54
4. C o n t e n u d e g r a i s s e d u l a i t , m o d e s d u p a y e m e n t e t r é p a r t i t i o n d e s l a i t e r i e s p a r g r o u p e s d e g r a n d e u r	56
5. V e n t e d u l a i t p o u r c o n s o m m a t i o n d i r e c t e	56
6. P r o d u c t i o n d e b e u r r e , f r o m a g e e t f r o m a g e d u p e t i t - l a i t a i g r e	58
7. Q u a n t i t é d u l a i t t r a i t é , l' e m p l o i d u l a i t e t l e r é s u l t a t é c o n o m i q u e à c h a c u e l a i t e r i e e n 1950	60
8. D é p e n s e s p o u r t o u t e s s o r t e s d' é q u i p e m e n t , c o n s t r u c t i o n d e m a i s o n s , t r a v a u x d e c o n s t r u c t i o n e t c	72
9. F r a i s d e r é p a r a t i o n	72

F Ø R E O R D.

Statistikken over meieridrifta i Noreg byggjer på årsoppgåver som er innsamla beinveges fra kvart einskilt meieri.

Fyrste meldinga om dette: "Meieribruket i Norge 1925" N.O.S. VIII. 31 har i innleiinga på side 2 eit oversyn over tidlegare meieristatistikk og ei utgreiing om kva som var gjort for å byggja ut denne statistikken. Seinare har ein i kvar årgang sagt frå om dei endringane som har vorti gjorde i skjemaet.

Gjeldande offentlege vedtak som vedkjem meieridrifta, anten produksjon eller prisar, har ein så langt råd er nemnt i dei einskilde årgangane og under dei bokane der vedtaka naturleg høyrer til.

Ved utgangen av 1939 vart det sett i verk ei gransking av maskinutstyret i meieria. Resultatet av granskingsa er prenta i Statistiske Meddelelser 1941, side 121 o.f. For 1949 vart det, omfram den vanlege årsoppgåva, innsamla oppgåver over partsmedel, bramntakst, verd av eigedom og investeringar. Resultatet av granskingsa er prenta i Statistiske Meldinger 1951, side 66 o.f. Statistikken over investeringane har haldi fram i 1950, og resultatet av granskingsane er medteki i årsmeldinga i ein serskild bok.

Skjemaet for oppgåvene er det same, og materialet har vorti handsama på same måten som før.

Statistikken er utarbeidd av sekretær fru Lina Kvammen Saareim.

Cand.philol. Gunnar Pedersen er ansvarleg for det språklege.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo i oktober 1951.

Petter Jakob Bjerve.

Arne L. Aaseth.

S A M A N D R A G.

Meieristatistikken er ein fullstendig årleg statistikk som vart utgjeven første gongen for året 1925. Oppgåvene blir innsamla beinveges frå kvart einskilt meieri. Det blir og innhenta oppgåver frå samlestasjonane. Dei fleste stasjonane sel noko mjølk til konsum på heimstaden og blir drivne av leverandørane sjølv. Statistikken får på den måten med alt smásal av mjølk, og ein har fått med alle utgiftene ved mjølkeomsetnaden etter at mjølka er innvegen ved eit meieri.

I 1950 var det i drift 283 meieri (produksjons- og mjølkesalsmeieri og særmeieri), 182 samlestasjonar og 3 kondenseringsfabrikkar, i alt 468 verksamder. Tabell 1 viser kor mange meieri av kvart slag det er i dei einskilde fylka.

Meieria er skipa som p a r t l a g og dei fleste leverandørane er partihavarar. Bortleige av meieri har det alltid vori lite av, og no er det så å seia slutt med det. I 1950 var berre 1 meieri bortleigd. Dessutan hadde eitt meieri ein einskildmann til eigar. I 1950 var det i alt 119 956 meierileverandørar med samanlagt 589 560 mjølkekryr og 40 202 mjølkegeiter mot 113 378 leverandørar, 569 646 mjølkekryr og 42 887 mjølkegeiter i 1949.

Innvegen mjølkemengd ved meieria i 1950 var i alt 991 411 tonn. Av dette var 955 297 tonn kumjølk, 12 346 tonn geitemjølk, og 3 252 tonn fløyte som er omrekna etter feittinnhaldet til 23 768 tonn heilmjølk (kumjølk). I 1949 var mjølkemengda 890 569 tonn, i medeltal for 1937/39 713 048 tonn og i 1939 792 621 tonn.

Innvegen mjølkemengd ved meieria har auka jamt frå mai 1945 og fram til i september 1950. Sidan har mjølkemengda haldi seg ved lag som på same tid året før. Auken i innvegen mjølkemengd kjem både av auka tilslutning til meieria og av større mjølkeproduksjon pr. ku. Ved utgangen av 1945 var det såleis 91 646 leverandørar med 457 019 mjølkekryr ved meieria mot 119 956 leverandørar med 589 560 mjølkekryr ved utgangen av 1950. Mjølkemengd pr. ku og år var i 1945 rekna til 1 414 kg, i 1946/47 til 1 664 kg og i 1949/50 til 2 092 kg.

Produksjonen av smør og ost har øka jamt frå 1945, og auken har haldi ved i 1950. I 1950 var smørproduksjonen 11 532 tonn mot 10 716 tonn i 1949 og 14 743 tonn i medeltal for 1937/39. Av kvite osteslag var produksjonen 14 128 tonn i 1950 mot 11 245 tonn i 1949. Produksjonen av mager kvitost gikk ned frå 1 759 tonn i 1949 til 1 655 tonn i 1950, medan feit kvitost gikk opp frå 9 486 tonn i 1949 til 12 473 tonn i 1950. Når det gjeld dei brune osteslaga steig produksjonen frå 10 040 tonn i 1949 til 11 401 tonn i 1950. Det var øuke i mengda av geite- og fløytemysost frå 8 621 tonn i 1949 til 10 954 tonn i 1950, medan mager mysost og prim gikk ned frå 1 419 tonn i 1949 til 447 tonn i 1950. I åra 1937/39 var produksjonen i medeltal 10 673 tonn kvitost og 7 754 tonn brunost.

1950 var det fyrste etterkrigsåret med fritt mjølkesal. Til konsum vart det i 1950 selt 425 475 tonn og til industrielt bruk o.a. 14 410 tonn, i alt 439 885 tonn mjølk og fløyte mot 471 522 tonn i 1949.

Konsumsalet i 1950 viser ei viktig omlegging frå året før. Salet av heilmjølk og kulturmjølk har såleis minka frå 422 940 tonn i 1949 til 392 906 tonn i 1950. Separert mjølk og saup har minka frå 17 799 tonn i 1949 til 14 667 tonn i 1950. 10 % fløyte har minka frå 9 873 tonn i 1949 til 2 860 tonn i 1950, medan 35 % fløyte har øuka frå 5 246 tonn i 1949 til 15 042 tonn i 1950.

Det samla mjølkessalet både til konsum og anna bruk omrekna til heilmjølk har øuka med 42 916 tonn frå 507 370 tonn i 1949 til 550 286 tonn i 1950. Heile auken fell på sal av 35 % fløyte.

Eit oversyn over innvegen mjølk og produksjonen av smør og ost i dei seinare åra finst i tabellen på side 20. På side 26 er det gjevi eit oversyn over korleis mjølka er brukta, rekna etter mengda av mjølkefeitt. Oversynet viser at i 1950 gikk 55.5 pct. til konsum, 25.3 pct. til smør, 15.9 pct. til ost og 3.3 pct. til andre føremål.

I 1950 hadde meieria 538.3 mill. kr. i bruttovinning, ei driftsutgift på 70.2 mill. kr. og ei nettovinning på 468.1 mill. kr. Pr. kg innvegen mjølk svarar dette i same rekjkjefylgle til 55.03 øre, 7.18 øre og 47.85 øre. I tillegg kjem 6.1 mill. kr. som er betaling for mjølk levert beinveges til kondenseringsfabrikk. Samla nettovinning er altså 474.2 mill. kr. eller 47.83 øre pr. kg. Det svarar til ei stiging frå 1949 på 0.53 øre pr. kg innvegen mjølk. Ein viser også til tala på side 31 og 32.

I sume strok får leverandørane ved smørmeieria i stor mon den separerte mjølka og saupet tilbake gratis. Verdet av desse produkta kjem difor ikkje med i rekneskapen. Ved innveging av fløyte får ein heller ikkje verdet av tilsvarande magermjølk med i utrekningane av brutto- og nettovinninga. Verdet av separert mjølk og saup i retur og magermjølk frå fløytelevering er for 1950 utrekna til kr. 3 054 100 eller til 0.3081 øre pr. kg innvegen mjølk.

Statstilskottet til mjølkeproduksjonen var i budsjettåret 1949/50 i alt 179.3 mill. kr. For 1950/51 var tilskottet 162.3 mill. kr.

S U M M A R Y.

An annual survey, including complete statistics of the dairy industry, was issued for the first time in 1925 and is based on information furnished by each individual dairy operating within the country and also each receiving station, which retails to consumers. The survey thus includes all retail sales of milk and also expenses incurred after the milk has been weighed in at a dairy or receiving station.

In 1950 there were 283 dairies (production dairies, dairies selling milk and mountain dairies), 182 receiving stations and 3 condenseries, totalling 468 operating stations. Table 1 outlines the distribution of the different kinds of dairies by counties.

The dairies are organized on a profit sharing basis, and most of the shares are owned by milk producers. A few dairies have in the past been leased from the owners, but this arrangement is now rare. In 1950 only 1 dairy was leased from the owners, and one had an individual owner. In 1950 119,956 producers owning 589,560 milk cows and 40,202 milk goats delivered milk to dairies. Delivering milk to dairies in 1949 were 113,378 producers owning 569,646 milk cows and 42,887 milk goats.

The quantity of milk weighed in at dairies during 1950 totalled 991,411 tons, comprising 955,297 tons cowmilk, 12,346 tons goatmilk and 3,252 tons of cream, and has been determined to equal 23,768 tons whole milk (cow-milk). The total tonnage of milk received in 1949 was 890,569 tons, the average for 1937-39 713,048 tons and for 1939 792,621 tons.

There was a steady annual increase in the volume of milk received at the dairies from May 1945 to September 1950. For the last quarter of the year the volume remained the same as it was for the previous year's quarter. The increase in the volume of milk weighed in is due to greater delivery to the dairies and greater production of milk per cow.

At the end of 1945 there were 91,646 producers, owing 457,019 milkcows who delivered milk to the dairies. The numbers at the end of 1950 were respectively 119,956 and 589,560. The quantity of milk per cow in 1945 amounted to 1,414 kg., in 1946-47 to 1,664 kg. and in 1949-50 to 2,092 kg.

The production of butter and cheese has increased from 1945 onwards, and this increase has continued for 1950. In 1950 the production of butter totalled 11,532 tons as against 10,716 tons in 1949 and a 14,743 ton average for 1937-39. The total production of white cheese in 1950 amounted to 14,128 tons as against 11,245 tons in 1949. The production of white cheese with small fat content decreased from 1,759 tons in 1949 to 1,655 tons in 1950, but fat white cheese amounted to 9,486 tons in 1949 as against 12,473 tons

in 1950. The production of brown varieties increased from 10,040 tons in 1949 to 11,401 tons in 1950. There was an increase in the production of goat cheese and fat whey cheese from 8,621 tons in 1949 to 10,954 tons in 1950, while lean whey cheese and whey decreased from 1,419 tons in 1949 to 447 tons in 1950. During the years 1937-39 the average production amounted to 10,673 tons white cheese and 7,754 tons brown cheese.

1950 was the first year after the war with free sale of milk. In 1950 there was sold 425,475 tons for consumption, and for industrial use etc. 14,410 tons, totalling 439,885 tons milk and cream as against 471,522 tons in 1949.

The sale for consumption in 1950 shows an important change from the year before. There has been a decline in the sale of whole milk and cultured milk from 422,940 tons in 1949 to 392,906 tons in 1950. Skimmed milk and buttermilk have decreased from 17,799 tons in 1949 to 14,667 tons in 1950. Cream with 10 % fat content has decreased from 9,873 tons in 1949 to 2,860 tons in 1950, while the 35 % cream has increased from 5,246 tons in 1949 to 15,042 tons in 1950.

The total amount of milk sold for consumption and for other use calculated in whole milk shows an increase of 42,916 tons from 507,370 tons in 1949 to 550,286 tons in 1950. The total increase is due to the sale of cream containing 35 % fat.

A survey of the milk weighed in and the production of butter and cheese during the last years appears in the table, page 20. A survey of the utilization of the milk is contained in page 26, calculated in terms of milk fat. The survey shows that in 1950 55.5 per cent has been used for consumption, 25.3 per cent for butter, 15.9 per cent for cheese and 3.3 per cent for other purposes.

The gross income from milk weighed in at the dairies totalled in 1950 598.3 million kr., operating expenses were 70.2 million kr. leaving a net of 468.1 million kr., amounting to 55.03, 7.18 and 47.85 øre respectively per kg. milk weighed in. In addition there was a payment for milk delivered directly to condenseries outside the dairies, totalling 6.1 million kr., which added to 468.1 million kr. equals 474.2 million kr., which is an increase from 1949 of 0.53 øre per kg. weighed in milk.

It should be noted that butter manufacturing dairies in some districts are to a great extent returning skimmed milk and buttermilk to producers without charge. The value of these products is not included in the financial statements, nor is the value of skimmed milk calculated when cream is purchased from a producer. The value of skimmed milk and buttermilk returned gratis and skimmed milk resulting from cream delivery has for 1950 been calculated at 3,054,100 kr. corresponding to 0.3081 øre per kg. of total weighed in milk.

The State's subsidies for milk production amounted to in all 179.3 million kr. for the budget year 1949-50; in 1950-51 these subsidies have decreased to 162.3 million kr.

O V E R S Y N.

I. DET STATISTISKE MATERIALET.

For 1950 som for tidlegare år, har ein samla inn detaljerte oppgåver frå kvart einskilt meieri og ysteri m.v. i heile riket.

Oppgåveskjemaet har vori det same sidan 1939 når ein ser bort frå at teksta for nokre spørsmål er endra. I bolken om dei økonomiske resultata av meieridrifta vart det for 1939 og 1940 gjort nokre brigde i spørsmåla om driftsutgiftene for å få samsvar med dei spørsmål som mjølkesentralane brukte.

Oppgåvene blir innsamla beinveges frå kvart einskilt meieri. Fristen for innsending av skjema var 1. april 1951. Dessverre vanta det oppgåver frå mange meieri då fristen var ute. Dårleg utfylte oppgåver har ein supplert ved førespurnad hos dei meieria det gjeld og ved samanlikning med oppgåvene frå tidlegare år.

Utanom årsoppgåvene blir det kvar månad innsamla rapportar frå dei fleste meieri med sjølvstendig drift. Rapportane femner om mjølkemengd, produksjon, lager og engrosprisar som meieria har fått cif. pr. kg for smør og ost. For 1950 fekk ein månadsrapportar frå om lag 273 meieri med så å seia all mjølk som var innvegen ved meieria. Resultatet av månadsstatistikken blir prenta i Statistiske Meldinger.

II. OMFANGET AV MEIERIDRIFTA, VANLEGE DRIFTSVILKÅR

OG DRIFTSRESULTAT.

1. MEIERIA OG KVAR DEI LIGG. (TABELL 2).

For 1950 har ein oppgåver frå 283 meieri (produksjons- og mjølkesalsmeieri og sætermeieri), 182 samlestasjonar og 3 kondenseringsfabrikkar. I alt 468 verksemder.

I dei fylgjande oppgåvene er kondenseringsfabrikkane tekne med berre der ein har sagt serskilt frå om det. Tabell 1 og 2 viser kva slags drift meieria har, og korleis dei er spreidde på fylka.

Fylgjande oppgåve som går tilbake til 1900 viser kor mange av dei som ligg i bygder og byar (reine kondenserings- og mjølkepulverfabrikkar er ikkje med):

År	Meieri i alt	Av dei ligg i		År	Meieri i alt	Av dei ligg i	
		bygder	byar			bygder	byar
1900..	845	784	61	1939..	599	534	65
1910..	738	675	63	1945..	548	486	62
1920..	544	480	64	1947..	519	465	54
1925..	598	537	60	1948..	496	442	54
1930..	639	567	72	1949..	479	425	54
1935..	618	546	72	1950..	465	409	56

Nedgangen i talet på meieri heng først og fremst saman med arbeidet for å sentralisera meieridrifta. Dei mange småmeieria er etter kvart slegne saman i få og større meieri. I statistikken for 1947 og i eldre årgangar er det nemnt meir om dette.

14 meieri som ein hadde oppgåver frå i 1948, stogga drifta i 1950 på grunn av samanslåing. Av dei var 5 samlestasjonar og 9 produksjonsmeieri.

109 meieri melder at mjølka heilt eller i nokon mon blir henta hos leverandørane. Det er 4 meir enn i 1949.

2. EIGEDOMSTILHØVA, DRIFTSTID OG PERSONALE (TABELL 2).

Oppgåvene over eigedomstilhøva viser at leverandørane alltid har ått storparten av meieria. I åra 1925, 1930 og 1935 åtte såleis leverandørane om lag 90 % av alle meieri.

Leverandørar og parthavarar ved meieria 1949 og 1950 og mjølkekyr og mjølkegeiter hos dei.

Fylke	Leverandørar				Mjølkekyr				Mjølkegeiter	
	1949		1950		1949		1950		1950	
	I alt	Av dei part- havarar	I alt	Av dei part- havarar	I alt	Hos part- havarar	I alt	Hos part- havarar	I alt	Hos part- havarar
Ostfold	4 812	4 380	4 963	4 433	39 790	37 835	39 869	37 713	-	-
Akershus og Oslo ..	6 198	6 098	6 481	6 048	48 554	48 399	47 606	47 154	-	-
Hiđmark	10 351	7 299	10 883	8 075	54 743	43 268	54 187	43 867	5 044	4 025
Oppland	11 727	7 764	12 050	7 812	68 569	54 802	66 322	52 667	16 097	13 181
Buskerud	4 614	3 652	4 909	3 784	26 274	24 337	30 694	24 704	1 135	715
Vestfold	3 998	3 201	4 053	3 344	22 736	17 696	23 236	19 399	-	-
Telemark	3 653	3 397	3 885	3 442	16 757	15 905	17 247	15 768	-	-
Aust-Agder	2 930	2 131	3 202	2 455	8 893	7 039	9 218	7 728	-	-
Vest-Agder	5 210	4 344	5 684	4 421	17 191	14 236	18 614	15 264	-	-
Rogaland	9 789	8 423	10 168	8 831	57 655	51 803	62 415	58 223	527	486
Hordaland og Bergen.	10 934	6 939	11 211	6 761	34 287	21 406	35 099	33 920	5 400	4 630
Sogn og Fjordane ...	4 734	3 094	5 256	3 650	20 777	14 642	23 144	17 480	1 670	1 543
Møre og Romsdal	10 867	8 801	11 844	9 407	50 818	41 269	52 916	41 820	2 667	2 641
Sør-Trøndelag	4 845	4 028	5 184	4 223	27 057	23 318	28 469	24 350	-	-
Nord-Trøndelag	5 517	4 789	4 850	4 242	32 907	30 271	32 041	29 919	500	340
Nordland	7 441	5 935	8 585	6 714	22 796	18 456	27 663	21 800	2 679	1 857
Troms	5 778	4 785	6 056	5 276	17 812	15 786	18 879	16 960	4 543	3 302
Finnmark	-	-	712	589	-	-	2 001	1 654	-	-
Riket	113 378	89 000	119 956	93 507	569 646	480 468	589 560	510 390	40 202	32 720

Ei jamføring av tala på leverandørar og parthavarar gjev og eit mål for eigedomstilhøva. Ved dei meieria leverandørane eig, er det og nokre leverandørar som ikkje er parthavarar. Av den grunn vil talet på parteigarar i høve til talet på leverandørar alltid vera relativt mindre enn talet på meieri som leverandørane eig, sett i høve til talet på meieri i alt.

I 1950 var det i alt 119 956 leverandørar, og av dei var 93 507 eller 83.5 % parthavarar. I 1949 var det 113 378 leverandørar og 89 000 eller 78.5 % parthavarar. I 1950 hadde leverandørane 589 560 mjølkekyr, og av dei hadde parthavarane 510 390 eller 86.6 %. For 1949 var tala i same rekjkjefylge 569 646, 480 468 og 84.3. Frå 1949 til 1950 har altså talet på leverandørar auka med 6 578 og talet på mjølkekyr med 19 914.

I 1950 var det 40 202 mjølkegeiter hos leverandørane, og av dei var 32 720 eller 81.4 % hos parthavarane. For 1949 var tala i same rekjkjefylge 42 887, 33 748 og 78.7.

Det var 9 907 færre mjølkegeiter i 1950 enn i 1939.

B o r t p a k t i n g av meieria har det alltid vori svært lite av her i landet. Oppgåve over det har ein ikkje før 1925. Mellom 1925 og 1930 vart 8 à 10 % av meieria drivne av paktar. Seinare har det så å seia vorti slutt med paktninga. I 1950 var såleis berre eitt meieri bortpakta. Eitt meieri hadde ein einskildmann til eigar.

L e n g d a a v d r i f t s t i d a. 452 meieri eller 97.2 % av alle var i drift heile 1950. 2 var i drift 9 - 11 månader, 7 frå 6 - 9 månader, og dei 3 sørmeieria og eit geiteostysteri hadde stuttare driftstid.

Det var 4 209 personar ved meieria i 1950: 2 607 menn og 1 602 kvinner. Av dei hadde 576 menn og 380 kvinner meieriutdanning.

Personalet ved meieria i alt og dei med meieriutdanning.

År	Menn	Kvinner	I alt	Med meieriutdanning	
				Menn	Kvinner
1910	1 021	1 710	2 731	-	-
1920	1 237	1 519	2 756	-	-
1930	1 672	1 613	3 285	-	-
1935	1 878	1 680	3 558	420	453
1940	1 936	1 592	3 528	474	439
1945	1 711	1 232	2 943	487	375
1946	1 902	1 338	3 240	555	417
1947	1 974	1 448	3 422	518	363
1948	2 022	1 502	3 524	498	365
1949	2 362	1 643	4 005	544	384
1950	2 607	1 602	4 209	576	380

I 1950 var det i medeltal 13.9 personar ved kvart produksjons- og mjøl-

kesalsmeieri utanom kondenseringsfabrikkar og sætermeieri, mot 12.8 i 1949. Ved samlestasjonane var det i 1950 i medeltal 2.1 personar.

Dei fylka som har store mjølkemengder og få og store meieri, har og sjølvsgått dei høgste tala for arbeidsstyrke pr. meieri.

Personale i medeltal pr. 1 mill. kg mjølk til sal og produksjon var i 1950 4.0 personar ved produksjons- og mjølkesalsmeieria og 2.3 ved samlestasjonane. Det er same tala som i 1949.

*3. INNVEGEN MJØLKEMENGD OG RETUR AV SEPARERT MJØLK OG MYSE N. V.
(TABELL 3).*

Tabellen skil mellom mjølk innvegen fra eigne leverandørar og mjølk fra andre meieri. Omfram oppgåvane over separert mjølk, saup (kinnmjølk) og myse i retur til leverandørane har ein og oppgåver over separert mjølk, saup og myse som er nytta til før. Ein har og serskild oppgåve over unytta myse. Når oppgåvane fra meieri ikkje skil mellom separert mjølk og saup, har ein ført samla mengd av desse produkta i rubrikken for separert mjølk. Fordelinga mellom separert mjølk og saup er difor ikkje heilt rett. Når mjølkemengda har vori oppgjeven i liter, har ein rekna om til kg etter ei spesifikk vekt på 1.032.

Den innvegne mjølkemengda i 1950 var 955 296 858 kg kumjølk, 12 345 540 kg geitemjølk og 3 252 501 kg fløyte. Etter feittinnhaldet svarar fløyten til 23 768 510 kg heilmjølk. Ein har då rekna med ein medels feittprosent på 3.70 i kumjølka.

Ved meieri der fløyten berre er ein liten del av innvegen mjølk, har ein rekna med same feittprosent som vedkomande meieri har i kumjølka. Feittsinnnet ved separeringa er sett til 0.1 pct.

I 1950 var altså samla innvegen mengd av kumjølk, geitemjølk og fløyte omrekna til heilmjølk, i alt 991 410 908 kg mot 890 569 297 kg i 1949, i medeltal for 1937/39 713 048 229 kg, i 1939 792 621 346 kg.

Fra 1949 til 1950 har altså innvegen mjølkemengd auka med 100 841 611 kg eller 11.3 pct., og det er 278.4 mill. kg eller 39.0 pct. meir enn i 1937/39 og 198.8 mill. kg eller 25.1 pct. meir enn i 1939.

Auken fra 1949 var for kumjølk åleine 97 081 117 kg eller 11.3 pct., for geitemjølk 2 139 437 kg eller 20.8 pct. og for fløyte omrekna til heilmjølk 1 621 057 kg eller 7.3 pct.

Ein vil her få nemna at denne sterke auken i leveringa til meieria ikkje er uttrykk for ein liknande auke i mjølkeproduksjonen. Det er fleire grunnar til auken i innvegen mjølk ved meieria etter 1945. Etter oppgåvane har talet på leverandørar auka med 21 478 fra utgangen av 1946 til utgangen av 1950. I same tidsrom har talet på mjølkekryr hos leverandørane auka med 91 632. Mjølkeproduksjonen pr. ku har og gått sterkt opp. I 1946/47 var sileis mjølkeproduksjonen pr. år og ku rekna til 1 664 kg og i 1949/50 til 2 092 kg.

Oppgåvane i månadsmeldingane syner innvegen mjølkemengd fra månad til

månad. Sett i høve til same månad i 1949 har det vori jann auke i 1950 fram til september. For oktober er det framleis ein liten auke, medan november og desember 1950 syner noko mindre mjølkemengd enn dei same månadene i 1949.

Innvegen mjølkemengd i tonn etter månadsmeldingane.

Månad	1944	1945	1946	1947	1948	1949	1950
Januar	21 362	16 630	36 185	45 030	47 357	57 232	70 888
Februar	21 029	14 605	34 022	39 526	44 569	56 310	69 027
Mars	24 992	16 840	38 965	47 684	53 816	69 726	85 259
April	28 692	21 750	47 962	58 325	69 289	81 259	91 597
Mai	34 220	27 589	59 710	69 230	79 563	95 681	106 125
Juni	39 215	40 046	60 141	70 271	81 709	95 055	106 628
Juli	38 723	38 972	58 478	65 306	71 413	82 939	95 188
August	33 864	37 269	53 039	57 401	64 275	78 179	86 924
September ...	28 721	32 463	48 085	52 493	57 145	69 433	76 746
Oktober	21 448	33 412	45 277	47 274	51 522	63 435	65 136
November	16 617	30 829	40 325	43 007	49 847	60 376	60 186
Desember	16 462	31 584	39 728	46 380	53 252	65 463	63 750
Sum	325 345	341 989	561 917	641 927	723 757	875 088	977 454

Månadsmeldingane har ikkje med den mjølka som blir levert beinveges til kondenseringsfabrikkane. Sume småmeieri og sætermeieria er heller ikkje med, men i alt er det mindre enn 1 pct. som ikkje er med i månadsmeldingane.

Omsetnad av mjølk frå eitt meieri til eit anna går for det meste frå samlestasjonar til dei store sentralmeieria. I dei seinare åra har likevel bymeyeieria i stor mon fått mjølk - suppleringsmjølk - frå andre meieri for å dekkja krava på mjølk til konsum. Etter kvart som den innvegne mjølkemengda har auka, treng ein ikkje så mykje suppleringsmjølk som før. Statistikken skil ikkje mellom mjølk motteken frå samlestasjonar og produksjonsavdeling og mjølk motteken frå andre meieri. I 1950 gjeld dette engrossalet i alt 194 824 tonn heilmjølk, 3 369 tonn separert mjølk, 226 tonn fløyte og 5 331 tonn kremfløyte. I 1949 var tilsvarende omsetnad 191 908 tonn heilmjølk, 3 134 tonn separert mjølk, 316 tonn fløyte og 2 823 tonn kremfløyte.

Det meste av dette engrossalet gikk til meieria i Oslo, Bergen og Trondheim.

Retur til leverandørane av separert mjølk har auka frå 162 648 tonn i 1949 til 224 667 tonn i 1950, av saup frå 8 693 tonn i 1949 til 9 170 tonn i 1950 og av myse frå 20 103 tonn i 1949 til 33 932 tonn i 1950. Utanom dette kjem magermjølk etter beinveges levert fløyte. For 1950 er denne mjølka rekna til 20 074 tonn. Det er då teki omsyn til svinn ved skuminga. På side 31 er det inntekti eit oversyn over korleis magermjølk etter innvegen fløyte er fordelt på fylka.

I 1950 vart det oppføra eller selt til fôri alt 576 tonn separert mjølk, 54 tonn saup og 3 475 tonn myse. Unytta myse var i 1950 oppgjeven til 13 141 tonn.

*4. FEITTINNHALDET I MJØLKA OPPGJER.
INNDELING AV MEIERIA ETTER STORLEIK. (TABELL 4).*

Granskning av feittinnhaldet i mjølka var i 1950 fast regel ved 452 meieri og samlestasjonar. 297 av desse gjorde feittprøvinga sjølv.

Feittprosenten i kumjølka var i 1950 3.90 mot 3.83 i 1949. I medeltal var feittprosenten i dei einskilde fylke svært jamm i 1950. 6 fylke har feittprosentar frå 3.76 til 3.80. I 11 fylke låg prosenten mellom 3.81 og 4.00. Rogaland hadde høgste feittprosenten med 4.05 og Nordland, Troms og Finnmark den lågaste med 3.77 og 3.76. Feittprosenten i kumjølka har auka sterkt sidan 1945 då han var 3.61.

Feittprosenten i geitemjølka skifte mykje meir enn for kumjølka. Medeltalet for heile landet var 3.33 i 1950 mot 3.32 i 1949. For Austlandet med Telemark var feittprosenten i geitemjølk rekna til 3.52. På Vestlandet var han 3.54, i Trøndelag 3.44, men berre 2.81 i Nord-Noreg.

Oppgjer for mjølka etter feittinnhaldet har i 1950 vori gjennomført ved 449 meieri. 11 har betalt etter differens 0.5, 32 etter differens 0.6 og 405 etter differens 0.7, og 1 har ikkje gjevi opp noko tal. 16 meieri nyttar andre betalingsgrunnlag.

Reduktaseprøve vart i 1950 nytta ved 419 meieri, og 67 nytta anna kvalitetsprøve. Ved oppgjer for mjølka tok 395 meieri omsyn til desse prøvene.

Inndeling av meieria etter storleik blir gjort på grunnlag av innvegen mjølk. Skilnaden blir ikkje stor om ein i staden går ut frå samla mjølkehengd til sal og produksjon.

Meieria inndelte etter mengd innvegen mjølk.

År	Innvegen mjølk pr. år						
	Mindre enn 100 tonn	100-200 tonn	200-500 tonn	500-1000 tonn	1000-2000 tonn	2000-5000 tonn	5000 tonn og meir
1900	310	247	207	47	7		7
1910	225	196	203	65	28		15
1920	116	106	187	86	34		23
1930	129	100	188	128	53		44
1935	105	84	170	129	72		61
1939	70	57	130	135	108	72	30
1945	103	101	165	94	47	27	8
1946	59	60	140	128	88	46	15
1947	39	53	132	119	97	59	21
1948	30	43	111	111	103	71	27
1949	23	38	90	105	95	90	38
1950	18	31	73	107	84	112	40

Oppgivene syner at den sterke auken i innvegen mjølk i 1949 og 1950 gjev seg utslag i auka tal på meieri med meir enn 2 000 tonn mjølk. Talet på desse meieria har såleis gått opp frå 98 i 1948 til 128 i 1949 og 152 i 1950. Samstundes har talet på heilt små meieri gått ned. Noko av denne nedgangen heng i hop med samanslåing av to eller fleire meieri til eitt større. Sjå om dette på side 14. Dei minste meieria er som regel samlestasjonar eller smørmeieri.

5. PRODUKSJON AV SMØR, OST OG MYSOST (TABELL 6).

Reglementet for ysting og kinning vart endra fleire gonger i krigsåra. Sjå om det i statistikken for 1944, side 8 og for 1947, side 8.

Frå 1. mai 1947 kunne ein fritt ysta heilfeit ost. Den 9. september 1950 kom det vedtak som gav lov til å produsera ein ny type blanda geitemysost med 35 pct. feittinhald. Denne typen fekk namnet "Gudbrandsdalsost" G. 35.

Produksjon av smør og ost i tonn:

	1939	1940	1946	1947	1948	1949	1950
Smør	17 589	13 435	6 393	7 949	8 881	10 716	11 532
Sveisarost	522	253	56	154	160	176	119
Edamost { heilfeit.	537	424	11	34	104	114	216
halvfeit.	-	-	240	72	45	45	5
heilfeit.	4 784	3 295	289	1 600	2 987	5 454	8 141
halvfeit.	802	1 096	1 930	1 538	922	920	682
Gaudaost { kvartfeit	-	-	1	2	-	1	49
mager ...	-	-	17	6	38	89	-
heilfeit.	325	217	17	50	18	48	628
Nøkkelost { kvartfeit	1 308	1 091	888	948	968	2 214	2 051
mager ...	662	600	43	41	47	163	449
Normannaost	354	354	169	154	152	227	140
Pultost	252	254	177	233	335	438	583
Sauost	636	748	269	470	651	789	685
Gamalost	-	-	331	391	419	268	28
Andre ostesortar ..	274	234	49	28	32	135	261
Sum kvit ost	148	150	147	76	209	164	91
Sum kvit ost	10 604	8 716	4 634	5 797	7 087	11 245	14 128
Reveost	279	167	19	2	4	6	97
Kasein	2 319	1 662	1 224	1 481	2 073	3 297	3 959
Geite- { fekte	438	291	313	542	455	580	737
mysost { blanda ..	4 132	3 005	2 402	2 436	2 647	4 091	5 135 ²
Fløyte- { heilfeit.	66	175	1	25	78	182	1 205
mysost { halvfeit.	1 329	1 357	1 671	1 876	1 945	3 768	3 877
Mysost	1 425	1 123	424	378	231	344	205
Prim	410	425	210	635	1 491	1 075	242
Sum brun ost	7 800	6 376	5 021	5 892	6 847	10 040	11 401

¹ Av dette 266 tonn Gudbrandsdalsost G. 35.

Smørproduksjonen var i 1950 i alt 11 532 tonn mot 10 716 tonn i 1949 og 14 743 tonn i medeltal for åra 1937/39. Av kvit ost var produksjonen i 1950 14 128 tonn mot 11 245 tonn i 1949 og for brun ost var produksjonen i 1950 11 401 tonn mot 10 040 tonn i 1949. Til samanlikning skal ein nemna at medelproduksjonen for åra 1937/39 var 10 673 tonn kvit ost og 7 754 tonn brun ost. Auken i osteproduksjonen har vori serleg stor for heilfeit gauda-ost, heilfeit edamost og heilfeit fløytemysost, men har og vori stor for både ekte og blanda geitemysost. Produksjonen av dei halvfeite sortane av edam-, gauda- og nøkkelost har gått mykkje ned frå 1949 til 1950. Utanom kvartfeit nøkkelost og gamalost gjeld og det same for dei magre ostesortane.

Fylgjande oversyn viser utviklinga i meieridrifta på grunnlag av innvegen mjølk og produksjonen av smør og ost.

Innvegen mjølkemengd og produksjon av smør og ost 1900 - 1950.

År	Innvegen mjølk tonn	Produsert i alt tonn					
		Smør	Magerost	Feitost	Kasein og reveost	Geite- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim
1900..	184 024	3 580	1 341	1 256	-	-	1 716
1910..	277 765	3 707	3 044	1 772	-	-	2 981
1920..	281 434	1 157	2 427	4 465	-	-	4 201
1925..	351 869	2 668	2 645	5 097	679	2 502	3 867
1930..	427 676	3 945	2 524	5 964	1 271	3 734	2 408
1935..	¹ 536 145	9 285	2 695	7 853	1 308	4 585	2 307
1939..	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834
1945..	341 892	4 107	^x 747	^x 1 170	310	1 432	505
1946..	567 610	6 393	^x 1 002	^x 3 632	1 243	4 387	634
1947..	647 352	7 949	^x 1 163	^x 4 634	1 483	4 879	1 013
1948..	734 076	8 881	^x 1 538	^x 5 549	2 077	5 125	1 722
1949..	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419
1950..	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447

¹ Fra 1935 er innvegen fløyte omrekna til heilmjølk. ^x Retta tal.

Samansettning og storleik av smør- og osteproduksjonen i høve til mjølke- mengda var i krigsåra sterkt påverka av tilgangen på andre matvarer og dei reguleringar og rasjoneringsvedtak som styremaktene sette i verk. Rasjoneringsa av mjølk til konsum slutta 3. april 1950, medan rasjoneringsa av ost framleis står ved lag. I 1950 har det vori 8 tildelingar av ost.

6. SAL AV MJØLK O. A. (TABELL 5)

Sidan 1938 har oppgåvene over mjølkesalet skilt mellom sal til konsum og sal til anna bruk, til dømes til bakeri o.l. og matvareindustri. Tabell 5 syner mjølkesalet til konsum i dei einskilde fylka både samanlagt for alle meieri og serskilt for bymeieria.

Tabellane på side 22 gjev oversyn over mjølkesalet i dei seinare åra både samla og delt på sal til konsum, til margarinfabrikkar og til annan industri.

Mjølkerasjoneringa slutta i august 1949, så nær som i Sør-Varanger der ho stod ved lag til våren 1950. Ser ein bort frå dette, var altså 1950 det fyrste året etter krigen med fritt mjølkesal.

Det har vori fritt sal av fløyte med 10 og 35 pct. feitt. Frå 1. juli 1950 kunne ein og selja fløyte med 15 pct. feitt, men på grunn av usemje om prisem har det ikkje komi i gang noko sal av denne.

Oppgåvene viser heller store endringar i mjølkesalet frå 1949 til 1950. Konsumsalet av heilmjølk var i 1950 384 467 tonn mot 415 386 tonn i 1949. Mengda av kulturmjølk auka frå 7 554 tonn i 1949 til 8 439 tonn i 1950. For separert mjølk og saup gjekk salet ned frå 17 799 tonn i 1949 til 14 677 tonn i 1950.

Salet av 10 pct. fløyte minka frå 9 873 tonn i 1949 til 2 860 tonn i 1950, medan mengda av 35 pct. kremfløyte auka frå 5 246 tonn i 1949 til 15 042 tonn i 1950. Det samla konsumsalet av mjølk og fløyte har gått ned frå 455 858 tonn i 1949 til 425 475 tonn i 1950. Sal til industribruk, i det medrekna sal til bakeri o.l., har gått ned frå 15 664 tonn i 1949 til 14 410 tonn i 1950.

Det samla mjølkesalet både til konsum og anna bruk har i alt gått ned frå 471 522 tonn i 1949 til 439 885 tonn i 1950. Det svarar til 52,9 pct. av innvegen mjølk i 1949 og 44,4 pct. i 1950. Omrekna til heilmjølk viser oppgåvene at det er auke frå 507 370 tonn i 1949 til 550 286 tonn i 1950; altså ein auke på 42 916 tonn. Det kjem heilt ut frå auken i sal av 35 pct. kremfløyte til konsum. Sjå side 26.

Oppgåva i tabell 5 syner at bymeieria har storparten av mjølkesalet. I 1950 hadde dei såleis om lag 77,5 pct. av dette.

Oversynet over mjølkesal frå meieri til matvareindustri o.a. er ikkje heilt rett av di salsoppgåvene ikkje alltid er nok spesifiserte. Samanlikning med oppgåver frå margarinfabrikkane i ein seinare bok syner dette. Eit oversyn over korleis mjølkesalet er fordelt på dei viktigaste hovudgruppene har likevel så stor interesse at ein har teki oppgåvene med trass i at dei ikkje er heilt rette. I dei fall der mjølkesalet slett ikkje er spesifisert, er heile salsmengda førd på sal til konsum. Mjølkesalet til matvareindustriane vil difor truleg vera noko større enn det oppgåvene syner.

Sal av mjølk til konsum i tonn.

År	Heil-mjølk	Kultur-mjølk	Separert mjølk	Saup	Fløyte 10 pct.	Krem-fløyte	Krem 35 pct.	Sum
1935	103 144	2 006	48 828	4 902	9 419	2 035		170 334
1939	138 338	1 879	48 005	5 730	9 235	1 419	1 028	205 634
1940	140 101	1 002	54 060	5 545	7 317	1 179	915	210 119
1945	223 555	1 652	32 876	3 322	1	-	-	261 406
1946	358 206	1 502	19 490	1 371	12	-	-	380 581
1948	416 621	6 849	16 640	1 646	157	47	-	441 960
1949	415 386	7 554	16 711	1 088	9 873	-	5 246	455 858
1950	384 467	8 439	13 838	829	2 860	-	15 042	425 475

Sal av mjølk til matvareindustri i tonn.

(Margarinfabrikkar, hermetikkfabrikkar og annan matvareindustri, medrekna bakeri o.a.).

År	Margarinfabrikkar				Annan industri				Sum I alt
	Heil-mjølk	Separert mjølk	Fløyte	Sum	Heil-mjølk	Separert mjølk	Fløyte	Sum	
1935	90	2 648	520	3 258	581	3 053	216	3 850	7 108
1939	67	2 451	716	3 234	822	4 428	107	5 357	8 591
1940	91	2 325	355	2 771	1 371	4 108	541	6 020	8 791
1945	9	1 343	44	1 396	150	3 153	-	3 303	4 699
1946	489	3 291	95	3 875	1 338	8 173	-	9 511	13 386
1948	1 246	2 260	-	3 506	5 449	8 301	3	13 753	17 259
1949	297	2 304	1	2 602	5 175	7 713	174	13 062	15 664
1950	317	1 273	-	1 590	4 334	8 068	418	12 820	14 410

Fylgjande samandrag syner samla mjølkesal ved meieria i 1950 samanlikna med tidlegare år:

Samla mjølkesal i tonn.

(Sal både til konsum og til matvaraindustri samanlagt).

År	Heilmjølk	Kultur-mjølk	Separert mjølk	Saup	Fløyte 10 pct.	Krem-fløyte	Krem 35 pct.	Sum	I pct. av innvegen mjølk
1900	-	-	-	-	-	-	-	64 000	34.7
1910	-	-	-	-	-	-	-	129 500	46.7
1920	-	-	-	-	-	-	-	171 600	61.0
1930	121 438	-	51 446	-	-	13 032	2 629	185 906	43.5
1935	98 853	2 022	54 780	4 911	9 787	-	-	172 982	32.4
1939	139 227	1 879	54 884	5 730	10 058	1 419	1 028	214 225	27.0
1940	141 563	1 002	60 493	5 545	8 213	1 179	915	218 910	33.5
1945	223 714	1 652	37 372	3 322	45	-	-	266 105	77.8
1946	560 033	1 502	30 954	1 371	107	-	-	593 967	69.4
1948	423 316	6 849	27 201	1 646	160	47	-	459 219	62.6
1949	420 858	7 554	26 728	1 088	10 048	-	5 246	471 522	52.9
1950	389 118	8 439	23 179	829	2 950	-	15 370	439 885	44.4

7. MJØLKEDOMSETNAD UTANOM MEIERIA.

Føresegnene om avgift på mjølkeomsetnaden etter "lov til å fremja omsetnaden av jordbruksvarer" er nemnde i statistikken for 1948, side 21.

Oppgåver over avgiftspliktig mjølkeomsetnad utanom meieria har ein frå og med 1932. For 1932 vart det svara avgift av 55 mill. liter mjølk. Det var jann, men relativt liten nedgang fram til 1939 då det vart omsett 45 mill. liter. Seinare var nedgangen mykje større slik at i 1945 vart det omsett berre 5.4 mill. liter utanom meieria. I dei siste åra har dette salet auka, så det i 1950 vart omsett om lag 12.6 mill. liter utanom meieria.

Omsetnad av mjølk utanom meieria 1938-1950.

Etter oppgåve fra Omsetningsrådet og Norske Melkeprodusenters Landsforbund.

Mjølkesentral	1938	1947	1948	1949	1950
	Liter	Liter	Liter	Liter	Liter
Østlandets	26 524 271	1 599 914	1 788 338	1 752 326	2 841 173
Telemark	1 911 000	9 164	8 603	20 089	46 381
Aust-Agder	1 202 384	209 138	365 262	464 359	526 014
Vest-Agder	2 420 563	398 531	1 190 554	1 938 439	1 711 163
Vestlandske	7 960 389	801 303	1 345 612	1 569 127	1 703 526
Møre	1 688 349	1 330 388	2 905 947	3 013 427	3 059 149
Trøndelag	3 100 089	1 439 859	2 156 816	2 539 686	2 098 766
Nord-Norges	1 304 519	179 588	455 328	419 789	581 491
Sum	46 111 564	5 967 885	10 216 460	11 717 242	12 567 663

Tala for dei einskilde områda er svært ujamne frå år til anna. Det kjem av at oppgåvene ikkje gjeld like mykje kvart år. Lova er til dømes gjord gjeldande for nye strok, og føresegnene har vorti meir effektivt gjennomførde. Attat dette må ein og rekna med at grunnlaget for avgifta kan vera brigda. Alt dette gjer det vanskeleg å døma rett om utviklinga på grunnlag av desse oppgåvene.

Ein kan rekna med at mjølka frå kyrne til dei nye meierileverandørene i stor mon tidlegare var seld beinveges til konsum eller nytta til produksjon av smør og ost som vart marknadsførde utanom meieria. Nedgangen i mjølkesal utanom meieria, er difor berre ei overflytting til meierisal.

8. OPPGÅVER FRÅ MARGARININDUSTRIEN.

Dei oppgåver dei ulike statistikkane har over mjølk som er nytta i industrien, er i nokon mon ufullstendige. For margarinindustrien har ein ser skilde oppgåver, og sidan dei er serleg forvitnelege, tek ein med eit oversyn for denne industrien.

Produksjon av margarin og bruk av mjølk o.a. til dette i åra 1925-1950.
Etter oppgåver fra Margarinkontrollen.

År	Produ- sert mar- garin	Bruk av:					Av dette gards- og fjell- smør	Produ- sert mar- garin- ost	Til dette brukt oste- masse	Produ- sert mar- garin- mysost	Til dette brukt mager mysost og prim
		Heil- mjølk	Separert mjølk og saup	Fleyte	Sum mjølk og fleyte	Smør					
		Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn
1925..	44 343	2 779	6 805	165	9 749	573	-	-	-	94.2	78.8
1930..	47 423	1 053	6 934	171	8 158	322	-	82.9	66.1	6.1	4.5
1935..	51 515	219	4 753	866	5 838	4 829	1 556	66.0	47.5	-	-
1939..	56 197	39	4 044	826	4 909	12 165	1 766	5.0	2.3	287.6	182.7
1940..	47 243	43	3 001	710	3 754	9 142	944	-	-	171.0	114.2
1945..	26 460	15	1 298	70	1 982	2 208	10	-	-	-	-
1946..	54 897	103	2 899	108	3 110	2 216	70	-	-	-	-
1947..	62 769	139	3 218	-	-	-	-	-	-	-	-
1948..	62 085	134	3 166	-	-	-	-	-	-	-	-
1949..	64 083	152	3 730	-	-	-	-	-	-	-	-
1950..	67 462	137	3 329	-	-	-	-	-	-	-	-

* Retta oppgåver.

Fra 1. november 1931 til 23. september 1946 var det påbodi å blanda smør i margarinen. Mengda av smør som ein skulle bruka, skifte fra 2.5 til 30 pct. Eit utdrag av lysingar frå Prisdirektoratet om prisklasser, blandingsprosentar og avgifter er innteki i statistikken for 1944, side 15.

Etter årsmeldinga frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund var det i 1950 4 105 570 kg fjell- og gardssmør som hadde lovleg krav på tilskott. I 1949 var det oppgjevi 4 235 516 kg. Vidare var det gjevi tilskott til 508 686 kg gards- og sørterost. Av dette var det 487 726 kg ekte (F.G.) geitemysost og 20 960 kg blanda (B.G.) geitemysost.

I 1950 vart det drivi kondensering av mjølk ved 3 kondenseringsfabrikkar og 1 meieri.

Mjølk og fleyte nytta av meieria til is og iskrem:

År	Heilmjølk	Separert mjølk	Fleyte 10 pct.	Fleyte 35 pct.	Sum	
						kg
1932	-	-	-	-	-	50 237
1935	25 951	32 649	65 816	-	-	124 416
1939	6 806	170 762	48 597	-	-	226 165
1940	95 902	87 103	128 133	-	-	311 138
1941	172 079	20 656	131 707	-	-	324 442
1946	320 523	-	-	-	-	320 523
1947	350 251	50	255	-	-	350 556
1948	542 971	-	-	-	-	542 971
1949	257 027	7 429	1 000 623	52 311	1 317 390	
1950	542 594	44 998	382 444	145 243	1 115 279	

Produksjonen av mjølkepulver har vori i gang berre ved ei verksemد. Det same gjeld for sterilisering av 10 % fløyte.

I åra 1942 til 1945 var det forbod mot å nyttja mjølk og fløyte til iskremproduksjon. I 1946 kunne ein etter nyttja heilmjølk, og iskremproduksjonen ved meieria kom straks opp i same høgd som i 1940/41 og har auka noko i åra etter. I 1949 vart det lovleg å nyttja fløyte til iskrem, og no auka produksjonen av iskrem til meir enn det doble samanlikna med 1948. I 1950 har det gått for seg ei omlegging i bruken av fløyte, slik at det er nyttja mykje mindre av 10 % og mykje meir av 35 % fløyte enn i 1949.

9. MJØLKENENGDA FORDELT ETTER MÅTEN MJØLKA ER NYTTA PÅ.

Ved fordeling av mjølkemengda etter kva ho blir nyttta til, har ein lagt mengd mjølkefeitt til grunn for utrekningane. Når såleis til dømes alt feittet i mjølka er nyttja til smørproduksjon, og separatrt mjølk og saup er nyttja til konsum eller produksjon av magerost, reknar ein at all mjølka er nyttja til smørproduksjon. Framgangsmåten vil altså føra til at dei produksjonsgruppene som nyttja separatrt mjølk og saup blir verdsette for lågt. Vidare kan det føra til at brigde i fordelinga etter denne utrekninga ikkje svarar til endringar i produksjonen av ost eller bruk til konsum. Jamfører ein såleis endringar i fylgjande tabell over det mjølkemengda er nyttja til, med endringar i samla osteproduksjon (sjå side 20), finn ein at nedgangen i osteproduksjonen sidan 1940 relativt sett har vori mindre enn den nedgangen ein har rekna ut for mjalk nyttja til ost. Årsaka til dette ligg i det at utrekningane ikkje tek omsyn til at produksjonen av magerost sidan 1940 etter måten har vori mykje større enn tidlegare. Samanliknar ein samla konsum av heilmjølk, separatrt mjølk og fløyte (sjå side 22) med mjølkemengd til beinveges sal utrekna etter nyttja mjølkefeitt, ser ein like eins at auken i konsumet har vori større enn auken i den mjølkemengda som er utrekna etter feittinhaldet, av di utrekninga ikkje tek omsyn til auken i konsumet av separatrt mjølk. Sidan 1949 då mjølkesalet vart fritt og ein kunne selja fløyte, syner oppgåvane at auken i mengda av sold mjølk og fløyte samlaagd har vori mykje mindre enn den auken som utrekningane etter feittinhaldet syner.

Oppgåvane over korleis mjølka er nyttja, syner at det har vori store brigde frå tid til anna. Serleg merkjer ein seg den sterke auken i smørproduksjonen frå 1930 til 1939. Sidan 1940 har dette forbruket gått monaleg ned så det i 1945 var om lag det same som i 1930, men i dei seinste åra har det auka att, så det i 1950 vart nyttja meir enn 2 1/2 gonger så mykje som i 1945.

Relativtala syner at i etterkrigsåra har det vori sterk auke i mjølkemengd til ysting. Prosenten for ysting har gått opp frå 4.5 i 1945 til 15.9 i 1950. Mjølk til anna bruk har og auka noko, medan mjølk til kinning og til direkte sal har gått ned, serleg mjølk til direkte sal som i 1945 svara til 65.9 pct. mot 55.5 pct. i 1950.

Mjølkemengda delt etter bruken av mjølkefeitt.

a. Absolutte tal.

År	I alt heilmjølk	Av det nytta til:				
		Kinning	Isting	Direkte sal ¹	Anna ²	Svinn
	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn
1875	16 739	11 081	1 473	4 185	-	-
1900	184 024	89 436	12 514	64 040	18 034	-
1910	277 765	92 496	16 944	129 438	38 887	-
1920	281 434	30 113	44 467	171 956	34 898	-
1930	427 676	98 625	86 577	194 409	28 516	19 549
1940	653 052	322 434	95 541	208 512	24 350	2 215
1945	341 892	97 498	15 477	225 215	9 454	÷ 5 752
1946	567 610	149 694	47 070	359 792	13 775	÷ 2 721
1947	647 352	187 666	59 416	388 457	16 923	÷ 5 110
1948	734 076	207 956	71 796	431 675	17 777	4 872
1949	890 569	237 543	117 501	507 370	25 825	2 330
1950	991 411	251 042	157 879	550 286	32 430	÷ 226

b. Relative tal.

1875	100.0	66.2	8.8	25.0	-	-
1900	100.0	48.6	6.8	34.8	9.8	-
1910	100.0	33.3	6.1	46.6	14.0	-
1920	100.0	10.7	15.8	61.1	12.4	-
1930	100.0	23.1	20.2	45.5	6.7	4.5
1940	100.0	49.4	14.6	31.9	3.7	0.4
1945	100.0	28.5	4.5	65.9	2.8	÷ 1.7
1946	100.0	26.4	8.3	63.4	2.4	÷ 0.5
1947	100.0	29.0	9.2	60.0	2.6	÷ 0.8
1948	100.0	28.3	9.8	58.8	2.4	0.7
1949	100.0	26.6	13.2	57.0	2.9	0.3
1950	100.0	25.3	15.9	55.5	3.3	÷ 0.02

¹ Utanom sal til hushald fannmer oppgåva og om levering til bakeri og konditori, margarin- og hermetikkfabrikkar o. a. matvareindustri. ² Fannmer ommjølk til kondensering, sterilisering, is og iskrem og mjølkekuluer.

10. METERT A GRUPPERTE ETTER PRODUKSJON (TABELL 1).

Ein har gruppert meieria etter kva mjølka er brukt til. For at eit meieri skulle bli rekna med i ei av sergruppene, vart det tidlegare kravt at minst 90 pct. av mjølka måtte vera brukt til den produksjonen som var ser-

merkt for vedkomande gruppe. Utviklinga har ført med seg at det i mange høve kan vera tvilsom om kva for ei gruppe ein skal rekna eit meieri til. For å få det einskilde meieri med i den gruppa det naturleg hører til, har ein difor i einskilde fall gått utanom det opphavelige kravet. Ein har nemnt meir om dette i bokane om sergruppene. Frå 1937 har ein nytta ut seroppgåvane betre enn før.

Med dei tilhøva ein hadde under krigen og i dei fyrste åra etterpå, endra ein grupperinga berre for dei meieria som hadde lagt om drifta si mest. Enda det framleis er stor auke i mjølkemengda, meiner ein at meieridrifta no er komen inn i fastare tilhøve. Det syner seg serleg for produksjonsmeieria. Ein har difor gruppert om fleire meieri i 1950 enn i dei seinste åra.

I fylgjande tabell har ein skilt mellom smørmeieri og fløytemeieri. Gruppa for feitosysteri har gått ut, av di desse meieria etter kvart har lagt om drifta. Meieri som ikkje er medtekne i noka sergruppe, er samla i gruppa "blanda drift".

Meieria delte i produksjonsgrupper.

	1944	1945	1946	1947	1948	1949	1950
Mjølkesalsmeieri	20	39	44	46	45	44	39
Samlestasjonar	229	226	219	208	197	187	182
Smørmeieri	47	38	35	42	40	36	37
Fløytemeieri	8	11	16	17	16	15	13
Satermeieri	13	9	6	6	6	3	3
Mysostkokeri	32	31	34	32	30	34	33
Smør- og ostemeieri	53	54	61	66	59	58	74
Gamalostysteri	3	2	3	3	3	6	7
Meieri med blanda drift ..	154	138	118	99	100	96	77
Kondenseringsfabrikkar ...	3	3	3	3	3	3	3
Meieri i alt	562	551	539	522	499	482	468

11. DEI ØKONOMISKE RESULTATA.

a. Prisar.

Fra 1. oktober 1940 har det vori maksimalprisar for mjølk og meieriproduct i utsal. Med nokre få unnatak stod desse prisane ubrigda til 24. juni 1946. Seinare brigde er omtala i statistikken for 1947, side 19.

I slutten av februar 1941 gjorde Meieribrukets Sentralstyre vedtak om å garantera for at alle meieri fekk dem offisielle noteringa ved sal av meieriproduct til kjøpmenn. Fra 1. juli 1941 vartosten betalt etter kvalitet.

I oppgåva side 28 har ein ikkje teki med alle ostesortane. Ein vil gjera merksam på at det er sett serskilde prisar for gards- og særerost.

Maksimalprisar på mjølk og fløyte i utsal frå 31. juli 1950.

Prisgruppe	I	II
	Øre pr. l	Øre pr. l
Heilmjølk	45	43
Uskuma kulturmjølk	48	46
Skuma mjølk	20	18
Saup og skuma kulturmjølk	23	21
Fløyte med 10 pct. feitt	160	155
Fløyte med 15 pct. feitt	210	200
Fløyte med 20 pct. feitt	250	235
Krem med 30 pct. feitt	425	400
Konditorkrem med 35 pct. feitt	475	455
Myse	8	7

Meieriprisar for sal av smør og ost til detaljistar og store forbrukarar.
Kroner pr. kg.

	Bors-notering 2/2 1940	Maksimalprisar				
		23/12 1941	16/10 1946	6/10 1947	27/11 1948	9/9 1950
Eklevermerkt meierismær	3.60	4.10	5.35	5.35	5.35	6.60
Off. godkjent gards- og fjellsmær	3.15	3.75	5.00	5.00	5.10	6.35
Sveitsarost, heilfeit, F. 45	3.15	3.35	3.90	3.90	3.90	3.90
Edamost, heilfeit, F. 45	2.35	2.55	3.10	3.10	3.10	3.10
" , heilfeit, F. 40	-	2.45	2.90	2.90	2.90	2.90
Gaudaost, heilfeit, F. 45	2.15	2.35	2.90	2.90	2.90	2.90
" , halvfeit, H. 30	1.85	2.05	2.30	2.30	2.30	2.30
Nakkelost, heilfeit	2.20	2.40	2.90	2.90	2.90	2.90
" , halvfeit, H. 30	1.85	2.05	2.30	2.30	2.30	2.30
" , kvartfeit, K. 20	1.50	1.80	1.95	1.95	1.95	1.95
" , mager, M. 10	1.30	1.60 ¹	1.75	1.75	1.75	1.75
" , mager, M. 0	-	1.35	1.45	1.45	1.45	1.45
Normannaost, heilfeit, F. 45	2.75	2.95	3.35	3.35	3.35	3.35
Pultost, gjæra	1.35	1.55	1.60	1.60	1.60	1.60
Saupost	-	1.45	1.20	1.20	1.20	1.20
Gamalost	2.10	2.30	2.30	2.30	2.60	2.60
Evit geiteost, heilfeit	-	3.00	3.50	3.50	3.50	3.50
" " , halvfeit	-	2.20	2.45	2.45	2.45	2.45
" " , mager	-	1.50	1.60	1.60	1.60	1.60
Ekte geitemysost, heilfeit, F. 28	-	4.10	4.80	4.80	4.80	4.80
Gudbrandsdalost, G. 35	-	-	-	-	-	3.20
Elanda geitemysost, B.G. 28	2.25	2.50	2.90	2.90	2.90	2.90
Fløytemysost, heilfeit, F. 28	-	2.35	2.55	2.55	2.55	2.55
" , halvfeit, H. 20	1.55	1.75	1.90	1.90	2.05	2.05
Mager mysost	0.85	1.10	1.10	1.10	1.20	1.20
Prim, vanleg	-	1.05	1.05	1.05	1.10	1.10
Karamellprim	-	1.40	1.40	1.40	1.15	1.15

¹ Brigda 13/3 1942 fra kr. 1.50 til kr. 1.60.

29

Oppgåve frå Landbruksdepartementet over statstilskott til mjølk og mjølkeprodukt
i budsjettåret 1950 - 1951.¹

Mjølkesentral	Forskott på riksopp- gjeret	Direkte leveran- dørar	Tilskott til fjell- og gards- smør	Frakt- tilskott mjølke- transport	3-øres tilskott for mjølk og smør	Tilskott til gards- og sæterost	Småbrukar- tilskott	Sum 1950/51
	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.
Østlandet	63 182 259	308 745	1 181 096	1 352 005	2 510 292	-	2 720 308	71 254 705
Telemark	3 649 226	3 085	373 003	118 377	768 273	-	67 740	4 979 704
Aust-Agder	1 242 286	94 147	217 863	7 198	332 184	-	-	1 833 678
Vest-Agder	2 933 530	113 322	285 407	116 408	721 918	-	-	4 170 585
Vestlandet	29 007 734	194 531	2 062 799	411 743	3 128 593	-	666 191	35 471 591
Møre	7 476 009	176 289	492 600	374 341	1 872 586	-	-	10 391 825
Trøndelag	16 242 976	148 740	2 779 003	344 870	1 342 166	-	1 006 427	21 864 182
Nord-Noreg	7 589 876	37 771	675 025	391 165	1 809 449	-	-	10 503 286
Norske Meieriers salgssentral	-	-	33 823	-	7 699	1 792 532	1 290	1 835 344
Sum	131 323 896	1 016 630	8 100 619	3 116 107	12 493 160	1 792 532	4 461 956	162 304 900

¹ Ein gjer merksam på at pengesummene ikkje motsvarar budsjettåret 1950/51, men svarar til terminen 1950/51 utan omsyn til utbetalingsmånad. Samanlikna med budsjettåret er summane såleis skipla ein månad.

b. Statstilskotta til mjølkeproduksjonen.

Dei reglar som galdt for statstilskott til mjølkeproduksjonen i fyrstninga av 1945, er omtala nærmare i meieristatistikken for 1944, side 21-23. På same stad er det og gjort greie for dei eldre reglane. Etter krigen vart det vedteki nye reglar for desse statstilskotta. Sjå om dette i statistikken for 1947, side 21.

Dei føresegner som no gjeld for regulering av prisane på mjølk og mjølkeprodukt, vart fastsette av Prisdirektoratet i kunngjering frå 15. oktober 1948. Eit stutt utdrag av desse føresegnene er teki inn i statistikken for 1948, side 28. I 1950 vart pristilskotta reduserte. Det førde til at Prisdirektoratet ved kunngjering frå 31. mars 1950 auka forbrukarprisen på smør med kr. 1.25 pr. kg. Statstilskott i 1950/51 sjå tabellen side 29.

Statstilskott til mjøkeproduksjonen. Kroner.

Budsjettår	Til utjamning av mjøke- prisen og til marknads- regulering	Kompensasjons- tilskott. Premi- eringstilskott. Supplerings- tilskott. Frakttilstskott på mjølk	Tilskott til produksjonsmjølk til meieria og til fjell- og gardssmør			Av dette dekte kraftfør- avgifta
			I alt	Ytt til produk- sjonsmjølk	Ytt til fjell- og gardssmør	
1934/35 ..	1 000 000.00	-	-	-	-	-
1935/36 ..	896 544.84	- 4 537 291.66	4 318 648.24	218 649.42	2 617 291.66	
1936/37 ..	1 927 148.70	- 6 396 774.02	5 523 658.42	873 115.60	2 152 597.42	
1937/38 ..	1 896 004.07	- 7 187 862.77	6 303 658.42	884 204.35	3 380 487.93	
1938/39 ..	1 687 782.40	- 6 362 080.88	5 605 076.57	757 004.31	3 421 881.38	
1939/40 ..	1 651 081.91	- 5 427 675.32	4 896 446.83	591 228.49	-	
1940/41 ..	796 200.61	- 3 967 152.26	3 253 378.37	713 773.89	-	
1941/42 ..	986 975.52	8 610 441.20	-	-	-	-
1942/43 ..	20 385 071.21	24 057 052.37	-	-	-	-
1943/44 ..	19 465 238.00	19 720 253.00	-	-	-	-
1944/45 ..	15 818 341.27	19 461 175.16	-	-	-	-
1945/46 ..	75 063 100.95	-	-	-	-	-
1946/47 ..	104 307 433	-	-	-	-	-
1947/48 ..	135 649 246	-	-	-	-	-
1948/49 ..	149 525 702	-	-	-	-	-
1949/50 ..	179 264 844	-	-	-	-	-
1950/51 ..	162 304 900	-	-	-	-	-

c. Driftsresultat.

I dei fylgjande oppgåvene over det økonomiske resultatet av drifta i dei einskilde fylka har ein ikkje teki med dei reine kondenseringsfabrikkane. For desse verksemndene har ein ikkje slike oppgåver over bruttosummar og driftsutgifter at dei kan sammenliknast med dei same oppgåvene for meieria. Samla bruttosum er brutto etter at omsetnads- og utjamningsavgifta er fradregen og utjamningstilskott og andre tilskott er medtekne i inntektene.

Fylke	Bruttovinning av mjølka i kr.	Driftsut- gifter kr.	Nettovinning av mjølka i kr.	Øre pr. kg mjølk		
				Brutto- pris	Drifts- utgift	Netto- pris
Østfold	41 900 571	3 304 967	38 595 604	50.27	3.96	46.31
Akershus og Oslo	66 061 296	15 628 258	50 433 098	67.68	16.01	51.67
Hedmark	48 210 562	4 361 926	43 848 636	52.33	4.73	47.60
Oppland	58 344 279	6 654 423	51 689 856	55.29	6.30	48.99
Buskerud	23 936 085	2 489 165	21 446 920	51.30	5.33	45.97
Vestfold	21 855 958	2 280 626	19 575 332	52.85	5.51	47.34
Telemark	15 430 020	1 622 181	13 807 839	54.79	5.76	49.03
Aust-Agder	5 517 027	734 328	4 782 699	56.33	7.49	48.84
Vest-Agder	12 874 146	1 454 977	11 419 169	56.17	6.35	49.82
Rogaland	71 456 697	8 056 167	63 400 530	52.83	5.96	46.87
Hordaland og Bergen ..	31 676 045	7 221 184	24 454 661	61.80	14.09	47.71
Sogn og Fjordane	14 464 950	1 269 073	13 195 877	49.56	4.35	45.21
Møre og Romsdal	33 984 733	4 265 062	29 719 671	56.16	7.05	49.11
Sør-Trøndelag	27 154 474	3 598 587	23 555 987	53.85	7.14	46.71
Nord-Trøndelag	35 061 163	3 601 621	31 459 542	51.93	5.33	46.60
Nordland	14 771 001	1 770 864	13 000 137	52.69	6.32	46.37
Troms	14 327 615	1 700 833	12 626 782	53.59	6.36	47.23
Finnmark	1 281 617	222 468	1 059 149	79.43	13.78	65.65
Riket 1950	538 308 239	70 236 710	468 071 529	55.03	7.18	47.85

Ved mange smørmeieri kjem verdet av separert mjølk og saup ikkje med i rekneskapen, av di kvar leverandør får separert mjølk og saup i retur etter mengda av levert mjølk. Ved flyttelevering kjem verdet av magermjølk heller ikkje med i meierirekneskapen. I grunnen burde det difor koma eit tillegg til den nettovinninga som er sett opp i tabellen.

Gratis retur av separert mjølk og saup, magermjølk etter flyttelevering i 1950.

Verdsett etter 10.0 øre pr. kg.

Fylke	Gratis returnert separert mjølk og saup	Magermjølk etter flytte- levering	Sum	Verd av gratis returnert sep. mjølk og saup	Verd av magermjølk etter flytte- levering	Sum	Verd utrekna pr. kg innvegen mjølk
							Øre
Østfold	-	-	-	-	-	-	-
Akershus og Oslo	-	-	-	-	-	-	-
Hedmark	-	6 060	6 060	-	606 000	606 000	0.6578
Oppland	-	443	443	-	44 300	44 300	0.0500
Buskerud	-	1 098	1 098	-	109 800	109 800	0.2353
Vestfold	-	-	-	-	-	-	-
Telemark	55	1 508	1 563	5 500	150 800	156 300	0.5550
Aust-Agder	96	1 294	1 290	9 600	138 400	138 000	1.4091
Vest-Agder	30	2 910	2 940	3 000	291 000	294 000	1.2827
Rogaland	-	-	-	-	-	-	-
Hordaland og Bergen	-	-	-	-	-	-	-
Sogn og Fjordane	7 963	1 623	9 586	796 300	162 300	958 600	3.2733
Møre og Romsdal	-	291	291	-	29 100	29 100	0.0480
Sør-Trøndelag	5	-	5	500	-	500	-
Nord-Trøndelag	1 910	28	1 938	191 000	2 800	193 800	0.2870
Nordland	399	1 773	2 172	39 900	177 300	217 200	0.7748
Troms	9	2 922	2 931	900	292 200	293 100	1.0964
Finnmark	-	134	134	-	13 400	13 400	0.8307
Riket	10 467	20 074	30 541	1 046 700	2 007 400	3 054 100	0.9081

Tabellen syner at mengda av gratis returnert separert mjølk og saup og magermjølk etter flyttelevering skifte mykje frå fylke til fylke både i absolutt mengd og samanlikna med mengda av innvegen mjølk. Serleg må ein merkja seg Sogn og Fjordane fylke. Her svarar verdet til 3.2733 øre pr. kg innvegen mjølk eller 7.24 pct. i tillegg til utrekna nettovinning.

I tillegg til oppgåvane over nettovinninga av mjølka kjem og det som er utbetalt til dei leverandørane som sende mjølka si beinveges til kondenseringsfabrikkane.

For mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane, har ein fått oppgjevi desse nettoprisane i 1950 utbetalte til leverandørane frå Trøndelag og Østlandets mjølkesentralar:

Levanger Melkefabrik 44.52 øre pr. kg mjølk

Hamar Melkefabrik 46.44 " " " "

Botne Melkefabrik 45.585 " " " "

I medel svarar dette til 45.85 øre pr. kg mjølk, og for 1950 blir dette ein samla sum av kr. 6 090 223.

Den fylkesvise oppgåva syner at nettovinninga for mjølk til meieria, utanom mjølk levert beinveges til kondenseringsfabrikkane, var kr. 468 071 529. For heile riket er altså nettovinninga i 1950 kr. 474 161 752, og det motsvarar 47.83 øre pr. kg innvegen mjølk.

Ved desse utrekningane er den innvegne fløyten omrekna til heilmjølk, men verdet av gratis returnert separert mjølk og saup og magermjølk etter fløytelevering er ikkje medteki. Det er nemnt før at verdet av dette er utrekna til 0.3081 øre pr. kg innvegen mjølk.

Nettovinning av mjølka.

År	I alt kr.	Øre pr. kg	Relativ pris pr. kg når 1938=100
1913	33 129 000	11.35	61.8
1925	107 614 672	30.58	166.4
1930	70 204 783	16.42	89.3
1935	78 892 134	14.71	80.0
1938	130 509 797	18.38	100.0
1939	148 992 326	18.80	102.3
1940	150 457 685	23.04	125.4
1941	150 844 484	28.75	156.4
1942	142 482 985	33.53	182.4
1943	133 362 236	35.51	193.2
1944	120 436 020	35.66	194.0
1945	126 884 420	37.11	201.9
1946	239 214 610	42.14	229.3
1947	296 151 626	45.75	248.9
1948	343 097 286	46.74	254.3
1949	421 263 020	47.30	257.3
1950	474 161 752	47.83	260.2

Auken i nettovinninga pr. kg mjølk frå 1949 til 1950 er altså 0.53 øre.

For å syna utviklinga i dei seinare åra har ein stelt saman oppgåver over innvegen mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved

meieria utanom kondenseringsfabrikkane for åra 1938-1950. Samanlikna med 1938 (sett til 100) syner det seg at mjølkemengda i 1950 hadde stigi til 139.6, medan bruttovinninga hadde auka til 355.5 og nettovinninga til 364.8. Utrekna i øre pr. kg mjølk, har bruttoprisen auka fra 21.70 i 1938 til 55.03 i 1950, dvs. at relativtalet har gått opp fra 100 til 253.6. På same tid har netttoprisen auka fra 18.39 til 47.85 eller fra 100 til 260.2.

Mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria for åra 1938-til 1949. Kondenseringsfabrikkar ikkje med.

År	Innvegen mjølke- mengd tonn	Samla sum i 1000 kr.			Øre pr. kg mjølk		
		Brutto	Drifts- utgifter	Netto	Brutto	Drifts- utgifter	Netto
1938	710 217	151 415	23 095	128 320	21.70	3.31	18.39
1939	792 621	171 886	25 038	146 848	22.02	3.21	18.81
1940	653 052	174 622	26 516	148 106	27.16	4.12	23.04
1941	524 757	175 895	27 363	148 532	34.08	5.30	28.78
1942	424 989	164 656	24 207	140 449	39.37	5.79	33.58
1943	375 509	153 718	22 777	130 941	41.69	6.18	35.51
1944	337 772	141 548	22 901	118 647	42.57	6.89	35.68
1945	341 892	149 793	24 730	125 063	44.48	7.34	37.14
1946	559 007	269 782	34 109	235 673	48.26	6.10	42.16
1947	647 352	332 379	41 384	290 995	52.33	6.52	45.81
1948	734 076	386 197	47 651	338 546	53.38	6.58	46.80
1949	890 569	479 467	64 131	415 336	54.65	7.31	47.34
1950	991 411	538 308	70 237	468 071	55.03	7.18	47.85

I relative tal når 1938 = 100.

1938	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
1939	111.6	113.5	108.4	114.4	101.5	97.0	102.3
1940	92.0	115.3	114.8	115.4	125.2	124.5	125.3
1941	73.9	116.2	118.5	115.8	157.1	160.1	156.5
1942	59.8	108.7	104.8	109.5	181.4	174.9	182.6
1943	52.9	101.5	98.6	102.0	192.1	186.7	193.1
1944	47.6	93.5	99.2	92.5	196.2	208.2	194.0
1945	48.1	98.9	107.1	97.5	205.0	221.8	202.0
1946	78.7	178.2	147.7	183.7	222.4	184.3	220.2
1947	91.1	219.5	179.2	226.8	240.7	197.0	249.1
1948	103.4	255.1	206.3	263.8	246.0	198.8	254.5
1949	125.4	316.7	277.7	323.7	251.8	220.8	257.4
1950	139.6	355.5	304.1	364.8	253.6	216.9	260.2

Driftsutgiftene pr. kg mjølk steig jamt i krigsåra, truleg mest av di mjølkemengda minka. Då det så vart meir mjølk att i 1946, fall driftsutgiftene frå 7.34 øre i 1945 til 6.10 øre i 1946. Sidan har driftsutgiftene auka noko att, men har ikkje nådd same høgd som i 1945. Frå 1949 til 1950 gjekk driftsutgiftene litt ned att.

For 1949 og 1950 har ein gjevi ei oppgåve over alle driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane. Oppgåva syner at utgiftene til løner er absolutt største posten. Den svarar til noko meir enn tredjeparten av alle utgiftene. Kor mykje dei einskilde postane har skift frå før er ikkje granskå.

Driftsutgiftene delte på dei einskilde postane.

a. Kroner i alt.

	Løner	Brenne, kraft, vatn, kjeling	Emballasje og drifts- rekvisita	Skattar, trygder, renter på gjeld	Frakt og keyring	Kontor- og sals- utgifter	Dagleg ved- likehald og andre utgifter	I alt
1949	22 326 155	8 117 911	9 582 197	1 433 192	9 497 012	3 480 665	9 753 627	64 130 759
1950	25 639 534	9 299 016	8 599 701	1 671 687	10 009 904	3 433 457	11 583 411	70 236 710

b. Øre pr. kg mjølk.

1949	2.5447	0.9253	1.0922	0.1634	1.0756	0.3967	1.1117	7.3096
1950	2.6213	0.9507	0.8792	0.1709	1.0234	0.3510	1.1842	7.1807

c. Relative tal.

1949	34.81	12.66	14.94	2.24	14.71	5.43	15.21	100.00
1950	36.50	13.24	12.24	2.38	14.25	4.89	16.50	100.00

Tek ein for seg oppgåvane over driftsutgiftene pr. kg mjølk, syner det seg at dei skifter mykje frå fylke til fylke. I nokon mon kjem dette av at driftsutgiftene blir utrekna på innvegen mjølk, ikkje på samla mjølkemengd til sal og produksjon. I bokt III derimot, der dei einskilde driftsgruppene er omtala for seg, blir driftsutgiftene delte på all mjølk til produksjon og detaljsal utan omsyn til kvar ho er innvegen.

Utgiftene til "frakt og keyring" gjeld dei utgiftene meieria har etter at mjølka er innvegen. Utgifter til transport av mjølka frå leverandørane til meieria er førde under eigen post som: "henting av mjølk", og er altså ikkje medtekne i driftsutgiftene til meieria. Etter 1945 har utgiftene til "henting av mjølk" vorti mangdobla. Sjå tabell s. 35. I 1945 var denne posten berre på om lag 331 000 kr., i 1946 på om lag 700 000 kr. og i 1950 på noko meir enn 3.5 mill. kr. Posten: "Tjøtsrekneskapslag" har og vorti meir enn tidobla frå 1945 til 1950.

I dei seinare åra har transporten av mjølka frå leverandør til meieri vorti mykje omlagd. Før var det leverandøren som sjølv eller saman med dei nærmaste grannane frakta mjølka til meieriet. No har meieria meir og meir gitt over til å henta mjølka. Frå fyrst av galdt dette berre einskilde grup-

Nettovinning av mjølka delt på einskilde postar. Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

a. Krone r i a l t

År	Netto-vinning av mjølka	Førebels utbetalt leve- randerane	Renter på parts- kapital	Avbetalt på gield	Avskrivning	Til nytt utstyr og nybygg	Henting av mjølk	Fjærrekne- skapslag	Fonds	Til disposisjon	Under- skott
1934 ...	68 836 540	65 038 555	-	716 457	900 708	622 636	-	-	993 581	615 784	51 181
1935 ...	77 507 591	73 657 201	-	605 260	1 019 824	757 613	-	-	969 579	533 745	35 631
1936 ...	93 509 899	89 592 124	-	545 751	1 208 678	815 709	-	-	732 707	651 535	36 605
1937 ...	110 520 362	105 642 504	-	535 054	1 867 509	955 457	-	-	880 434	714 195	74 791
1938 ...	128 320 115	123 531 117	-	531 368	1 724 738	771 571	-	-	974 116	845 192	57 987
1939 ...	146 848 312	141 284 832	395 971	541 475	2 110 043	956 772	176 844	15 343	840 273	571 078	44 319
1940 ...	148 105 730	141 576 437	482 935	855 392	2 561 419	609 854	420 483	20 492	900 063	743 208	64 553
1941 ...	148 531 713	142 123 630	533 041	633 399	2 965 128	534 872	256 085	32 672	553 218	1 000 903	101 235
1942 ...	140 449 508	132 606 748	407 151	897 078	3 070 585	587 400	505 010	54 976	1 236 213	1 176 078	91 731
1943 ...	130 941 317	124 083 839	952 618	754 182	2 997 599	253 428	352 669	33 653	1 078 825	1 119 354	85 150
1944 ...	118 646 654	112 101 736	336 110	526 402	2 824 886	186 659	360 237	97 488	1 392 837	909 927	89 628
1945 ...	125 063 008	116 846 479	381 103	355 842	2 615 743	472 829	331 281	112 278	2 061 595	1 898 946	13 088
1946 ...	235 673 482	223 331 932	930 069	442 955	2 252 210	1 471 891	699 634	150 580	2 533 480	4 470 069	9 578
1947 ...	290 994 871	279 008 018	382 691	248 559	2 404 362	1 451 744	1 235 994	249 025	2 858 927	3 239 966	84 415
1948 ...	338 545 776	320 866 223	589 274	205 645	4 628 352	2 531 329	1 574 044	458 151	4 083 785	3 633 966	24 993
1949 ...	415 336 227	389 927 921	637 186	441 253	4 711 486	5 188 084	4 743 248	943 735	5 669 350	3 141 894	67 930
1950 ...	468 071 529	438 459 942	577 454	492 998	6 871 071	8 191 865	3 514 794	1 465 969	5 091 183	3 425 864	19 611

b. Ø r e p r. k g i n n v e g e n m j ø l k

1934 ...	13.416	12.675	-	0.140	0.176	0.121	-	-	0.194	0.120	0.010
1935 ...	14.721	13.990	-	0.115	0.194	0.144	-	-	0.184	0.101	0.007
1936 ...	15.757	15.097	-	0.092	0.204	0.137	-	-	0.123	0.110	0.006
1937 ...	17.692	16.911	-	0.086	0.299	0.153	-	-	0.141	0.114	0.012
1938 ...	18.392	17.706	-	0.076	0.247	0.111	-	-	0.140	0.121	0.009
1939 ...	18.810	18.097	0.051	0.069	0.270	0.123	0.023	0.002	0.108	0.073	0.006
1940 ...	28.036	22.021	0.075	0.133	0.399	0.095	0.065	0.003	0.140	0.115	0.010
1941 ...	28.775	27.534	0.103	0.123	0.574	0.104	0.050	0.006	0.107	0.194	0.020
1942 ...	33.584	31.708	0.097	0.215	0.734	0.140	0.121	0.013	0.296	0.281	0.021
1943 ...	35.509	33.650	0.096	0.205	0.813	0.069	0.095	0.009	0.292	0.303	0.023
1944 ...	35.676	33.709	0.101	0.158	0.849	0.056	0.108	0.029	0.419	0.274	0.027
1945 ...	37.140	34.700	0.113	0.106	0.777	0.140	0.099	0.033	0.612	0.563	0.009
1946 ...	42.159	39.952	0.059	0.079	0.403	0.263	0.125	0.026	0.453	0.800	0.001
1947 ...	45.814	43.926	0.060	0.039	0.379	0.229	0.195	0.039	0.450	0.510	0.013
1948 ...	46.797	44.353	0.081	0.028	0.640	0.350	0.218	0.063	0.565	0.502	0.003
1949 ...	47.340	44.444	0.073	0.050	0.537	0.591	0.541	0.108	0.646	0.358	0.008
1950 ...	47.853	44.826	0.059	0.050	0.702	0.837	0.359	0.150	0.520	0.350	-

per av leverandørar. Seinare har hentinga vorti meir vanleg. Der meieria ikkje hentar mjølka, er det ofte sett opp mjølkebilruter som hentar mjølka ved fjøsdøra eller nærmaste hovudveg. Alt etter tilhøva på kvar stad blir utgiftene dekte noko av statstilskott, noko av meieria og noko av leverandørane sjølv. Ein har ikkje noko oversyn over kor store desse transportutgiftene er, eller korleis dei blir dekte.

Tabellen over nettovinning av mjølka delt på dei einskilde postar side 35, syner både kroner i alt og øre pr. kg innvegen mjølk. Etter at leverandørane har fått ei "førebels utbetaling", blir resten av nettovinninga nytt til avskriving, til nytt utstyr og nybygg, fonds eller føremål som kjem leverandørane til gode. Summane under posten: "til disposisjon" blir som oftast utbetalte til leverandørane i etterskott.

III. DRIFTSFORMA VED DEI EINSKILDE MEIERIA. (TABELL 7).

Det er nemnt før at ein i tabell 1 har delt meieria etter produksjonen i grupper som er etter måten skarpt åtskilde. Desse gruppene har det vori arbeidd meir med og ein har då komi fram til viktige medeltal for kvar driftsgruppe. Det har vori arbeidd med alle meieria i same gruppe under eitt. Avvik fra medeltala ved einskilde meieri har ein ikkje gjort noko meir med, men der det har vori noko å merkja seg, har det vorti omtala saman med dei einskilde storleiksgruppene innan driftsgruppa.

Fra 1937 har det vori arbeidd meir med oppgåvene fra kvart einskilt meieri både når det gjeld produksjon og økonomisk resultat av drifta. Desse resultata er inntekne i tabell 7.

Utrekningane over mjølkeforbruket ved produksjonen er grunna på mengd mjølkefeitt i dei einskilde produkta, og ein har nytt dei feittala som Norske Melkeprodusenters Landsforbund har sett opp til det bruk. Dei tala som gjeld no, har vori nytt fra 1/1-1949. Dei går ut fra ein feittprosent på 3.70. På det grunnlaget er det utrekna kor mange feitteiningar det går med til produksjon av eitt kg smør og av eitt kg av dei ymse osteslag. For 1950 har ein brukt følgjande tal feitteiningar pr. kg:

Fløyte 10 pct.	10.7	feitteiningar.
" 35 "	36.7	"
Smør	84.9	"
Sveisarost F. 45	40.2	"
Elamost { F. 45	32.0	"
Gaudaost { H. 30	18.5	"
Nøkkelost { K. 20	12.6	"
{ M. 10	6.3	"
Normannaost	30.3	"
Ekte geitemysost F.G. 28	25.7	"
Blanda " B.G. 28 }	16.2	"
Heilfeit fløytemysost F. 28		
Halvfeit " H. 20		

I oppgåvane i tabell 7 over produksjonen av dei ymse slaga er det brukt relative tal. Sluttsummen av desse tala syner korleis mjølka har vori nytta samanlikna med utbytetala som er oppsette. I statistikken for 1937, side 21 osv. er det gjevi detaljerte opplysninga om desse utrekningane.

Mengda av separert mjølk og myse kjem ikkje med i desse oppgåvane, men det er gjevi opplysning om kor mykje som er returnert og oppføra.

I tabell 7 er meieria ordna i grupper. Under arbeid med dei einskilde gruppene har meieria vorti delte i storleiksgrupper etter mjølkemengda.

1. MJØLKESALSMETERI.

Dei meieri som er med i denne gruppa, har selt minst 90 pct. av mjølka i småsal som mjølk og fløyte. Overskottsmjølka er brukt til kinning. Utnyttinga av mjølka har vori svært god. Ho svarar til om lag 99 pct. av dei utbytetala som er oppsette. I 1950 er 45 meieri med i dette oversynet.

Mjølkes- mengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølk pr. meieri tonn	Sal- pot.	Brutto- vinning pr. kg mjølk i øre	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre								Netto- vinning pr. kg mjølk i øre
					Lærer	Brenne- kraft, vann, kjøling	Etab- lisering og drifts- rekvisita på gjeld	Skattar, trygden, renter	Frakt og kayring	Kontor- og salgs- utgifter	Innleg- vedlike- hald og andre utgifter	I alt	
Mindre enn 500	6	365	99.51	59.45	1.85	0.09	0.28	0.08	3.41	0.18	0.90	6.19	53.26
500-1000	8	725	92.60	59.24	2.31	0.74	0.43	0.59	0.81	0.26	0.60	5.74	53.50
1000-2000	14	1 447	93.84	54.31	2.40	0.61	0.35	0.16	0.59	0.27	0.72	5.10	49.21
2000-5000	12	2 978	94.73	54.86	2.07	0.58	0.50	0.24	0.95	0.22	0.63	5.19	49.67
5000 og meir .	5	8 780	96.98	55.17	2.11	0.45	0.31	0.24	0.73	0.35	0.72	4.91	50.26
Riket ..	45	2 397	95.45	55.24	2.16	0.53	0.39	0.24	0.84	0.28	0.67	5.11	50.19

Brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved mjølkесalsmeieria har i dei 5 siste åra vori :

	1946	1947	1948	1949	1950
Bruttovinning pr. kg .	45.02 øre	51.68 øre	52.59 øre	52.81 øre	55.24 øre
Driftsutgifter ' ' .	4.55 '	4.98 '	4.81 '	4.60 '	5.11 '
Nettovinning ' ' .	40.47 ' ' .	46.70 ' ' .	47.78 ' ' .	48.21 ' ' .	50.13 ' ' .

Bruttovinninga rettar seg noko etter kva for ei prisgruppe meieriet høyrer til, og om det får mjølk frå bygder som har krav på 3 øre i fjell- og fjordbygdtillskott.

Driftsutgiftene er noko høgre for meieri med mindre enn 1 000 tonn mjølk enn for dei med 1 000 tonn og meir. For dei tre storleiksgruppene med 1 000 tonn mjølk og meir er driftsutgiftene i medel om lag like store.

I 1950 svara driftsutgiftene til 9.25 pct. av bruttovinninga mot 8.71 pct. i 1949.

Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane har i dei tre siste åra vori :

Driftsutgifter	1948		1949		1950	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	1.87		38.9	1.87	40.7	2.16
Brenne, kraft, vann, kjøling	0.50	10.2	0.47	10.2	0.53	10.4
Emballasje og driftsrekvisita	0.34	7.1	0.31	6.7	0.39	7.6
Skattar, trygder, renter på gjeld...	0.23	4.8	0.19	4.1	0.24	4.7
Frakt og køyring	0.89	18.5	0.91	19.8	0.84	16.4
Kontor- og salsutgifter	0.31	6.6	0.28	6.1	0.28	5.5
Dagleg vedlikehald og andre utgifter	0.67	13.9	0.57	12.4	0.67	13.1
Sum	4.81	100.0	4.60	100.0	5.11	100.0

2. SAMLESTASJONAR.

Desse stasjonane sel minst 90 pct. av mjølka uforedla i partisal til eit anna meieri. Samlestasjonane er knytte til bymieri.

I 1950 var det 182 samlestasjonar mot 187 i 1949. 165 av dei er med i fylgjande oversyn:

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølk pr. meieri tonn	Brutto- vinning pr. kg mjølk i øre	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre								Netto- vinning pr. kg mjølk i øre
				Løner	Brenne, kraft, vann, kjøling	Embal- lasje og drifts- rekvisita	Skattar, trygder, renter på gjeld	Frakt og køyring	Kontor- og sals- utgifter	Dagleg vedlike- hald og andre utgifter	I alt	
Mindre enn 250 ...	39	146	49.29	1.83	0.51	0.09	0.06	1.28	0.09	0.41	4.27	45.02
200- 500	39	368	49.66	1.31	0.28	0.12	0.07	1.34	0.10	0.36	3.58	46.08
500-1000	54	713	49.43	1.06	0.31	0.10	0.09	1.64	0.10	0.32	3.64	45.79
1000-2000	15	1 235	48.94	1.00	0.37	0.10	0.07	1.02	0.08	0.35	2.99	45.95
2000 og meir	18	2 859	49.10	0.88	0.28	0.14	0.05	0.99	0.10	0.30	2.74	46.36
Riket	165	775	49.25	1.04	0.31	0.12	0.07	1.24	0.10	0.33	3.21	46.04

Dei tre storleiksgruppene med mindre enn 1 000 tonn mjølk pr. stasjon har hatt den største nettovinninga. Dette kjem av at dei ligg i bygder med fjell- og fjordbygdtilskott på 3 øre. Driftsutgiftene går jamt nedover med auka mjølkemengd.

Brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved samlestasjonane har i dei 5 siste åra vori:

	1946	1947	1948	1949	1950
Bruttovinning pr. kg	43.45 øre	47.34 øre	48.76 øre	49.41 øre	49.25 øre
Driftsutgifter	2.67	2.97	2.94	2.91	3.21
Nettovinning	40.78	44.37	45.82	46.50	46.04

I 1950 svara driftsutgiftene til 6.52 pct. av bruttovinninga mot 5.88 pct. i 1949.

Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane har i dei tre siste åra vori:

Driftsutgifter	1948		1949		1950	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	0.98	33.3	0.98	33.7	1.04	32.4
Brenne, kraft, vatn, kjøling	0.33	11.2	0.31	10.7	0.31	9.7
Emballasje og driftsrekvisita	0.12	4.1	0.11	3.8	0.12	3.7
Skattar, trygder, renter på gjeld.	0.10	3.4	0.07	2.4	0.07	2.2
Frakt og køyring	1.07	36.4	1.08	37.1	1.24	38.6
Kontor- og salsutgifter	0.11	3.8	0.08	2.7	0.10	3.1
Dagleg vedlikehald og andre utg. .	0.23	7.8	0.28	9.6	0.33	10.3
Sum	2.94	100.0	2.91	100.0	3.21	100.0

3. SMØRMEIERI.

Gruppa har med dei meieria som separerte minst 90 pct. av mjølka og kinna smør av fløyten. Separert mjølk og saup blir i stor mon returnert gratis. Dette gjeld særleg for dei små smørmeieria på Vestlandet. Når separert mjølk og saup blir returnert gratis, kjem ikkje verdet av dette med i nettovinninga. Ein må vera merksam på dette ved sammenlikning med andre meierigrupper. Spørsmålet er klårlagt nærmare i bolken om det økonomiske resultatet av meieridrifta.

I 1950 var det 37 smørmeieri og 13 fløytemeieri, i alt 50. Ved eit par meieri er det innmeldt fløytelag som det blir ført serskild rekneskap for. Eitt av desse er medteki i den fylgjande seroppgåva for fløytemeieri. Sogn og Fjordane fylke åleine har 19 smørmeieri og fløytemeieri. Dei andre meieria i denne gruppa er meir jamt spreidde over heile landet.

Mellan smør- og fløytemeieri er det inga skarp grense. I mange hove kan det difor vera vanskeleg å skilja mellom dei. Ved det skiljet som er nytta her, har føresetnaden vori at ved fløytemeieria må minst to tredjepartar av innvegen mjølkemengd (mjølk og fløyte saman omrekna til heilmjølk) vera innvegen fløyte. 35 smørmeieri er med i fylgjande oversyn:

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølk pr. meieri tonn	Feittpct. i heilmjølk	Kg smør pr. 100 kg heilmjølk	Pct. av returnert separert mjølk og saup	Pct. gratis returnert separert mjølk og saup
Mindre enn 250	9	152	3.74	4.14	90.7	90.7
250-500	5	428	3.72	4.24	85.3	69.2
500-1000	8	754	3.84	4.50	79.5	38.7
1000 og meir.	13	1 660	3.94	4.35	79.5	24.0
Riket	35	890	3.90	4.36	80.3	32.9

Oppgåva syner at gratis returnert separert mjølk og saup er relativt størst ved dei minste meieria, og at returprosenten minka sterkt etter som storleiken på meieria aukar. Dette må ein ta omsyn til når ein samanliknar bruttovinninga for dei ulike storleiksgruppene.

Verdet av gratis returnert separert mjølk og saup er sett til 10.0 øre pr. kg i 1950. Dei større meieria vil på grunn av betre teknisk utstyr som regel få noko meir smør enn dei små. Ein kan også rekna med at dei største meieria får dei høgste prisane av di dei ligg nærmast stader med god avsetnad og såleis har dei beste salstilhøva i det heile.

Mjølkemengd i tonn	Brutto- vinning pr. kg mjølk i øre	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre							Netto- vinning pr. kg mjølk i øre	
		Løner	Brenne, kraft, vatn, kjøling	Embal- lasje og drifts- rekvisita	Skattar, trygder, renter på gjeld	Frakt og køyring	Kontor- og sals- utgifter	Dagleg vedlike- hald og andre utgifter		
Mindre enn 250	39.15	1.62	0.72	0.50	0.17	0.16	0.12	0.25	3.54	35.61
250-500	41.69	1.32	0.74	0.35	0.06	0.18	0.20	0.25	3.10	38.59
500-1000	47.98	1.67	0.61	0.45	0.07	0.28	0.15	0.41	3.64	43.74
1000 og meir	49.54	1.40	0.48	0.54	0.09	0.25	0.16	0.54	3.46	46.08
Riket	48.13	1.46	0.54	0.51	0.09	0.24	0.16	0.48	3.48	44.65

Oppgåva for 1950 syner at driftsutgiftene ved smørmeieria var om lag like høge for alle storleiksgruppene.

I 1950 fekk ein 4.36 kg smør pr. 100 kg mjølk med 3.90 pct. feitt mot 4.44 kg i 1949 av mjølk med 3.83 pct. feitt.

Brutto- og nettovinning og driftsutgifter pr. kg mjølk ved smørmeieria har i dei 5 siste åra vori:

	1946	1947	1948	1949	1950
Bruttovinning pr. kg	41.68 øre	44.56 øre	46.15 øre	47.00 øre	48.13 øre
Driftsutgifter	3.90	3.38	3.59	3.27	3.48
Nettovinning	37.78	41.18	42.56	43.73	44.65

I 1950 svara driftsutgiftene til 7.23 pct. av bruttovinninga mot 6.96 pct. i 1949.

Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane har i dei tre sist-e åra vori:

Driftsutgifter	1948		1949		1950	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	1.43	39.8	1.27	38.8	1.46	42.0
Brenne, kraft, vatn, kjøling	0.73	20.3	0.60	18.3	0.54	15.5
Emballasje, driftsrekvisita	0.48	13.4	0.52	15.9	0.51	14.7
Skattar, trygder, renter på gjeld.	0.11	3.1	0.09	2.8	0.09	2.6
Frakt og køyring	0.34	9.5	0.22	6.7	0.24	6.9
Kontor- og salsutgifter	0.15	4.2	0.14	4.3	0.16	4.5
Dagleg vedlikehald og andre utg. .	0.35	9.7	0.43	13.2	0.48	13.8
Sum	3.59	100.0	3.27	100.0	3.48	100.0

Fløytemeieri. I dette oversynet har ein med oppgiver fra 14 meieri. Av dei er det eitt fløytelag som er knytt til eit meieri, men har eigen rekneskap. På grunnlag av feittprosenten eller talet på feitteiningar i fløyten, er mengda av denne omrekna til heilmjølk med 3.70 pct. feitt. Storleiken på fløytemeieria svarar i medel til 1 435 tonn heilmjølk i 1950, mot 1 224 tonn i 1949. Smørproduksjonen i 1950 svarar til 4.49 kg pr. 100 kg mjølk.

Utrekna heilmjølk i tonn	Meieri som er med	Utrekna heilmjølk tonn pr. meieri	Kg smør pr. 100 kg heilmjølk m/3,7 % feitt	Brutto- vinning pr. kg mjølk i øre	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre								Netto- vinning pr. kg mjølk i øre
					Løner	Brenne, kraft, vatn, kjøling	Emballasje og driftsrekvisita på gjeld	Skattar, trygder, renter	Frakt og køyring	Kontor- og salas- utgifter	Dagleg vedlike- hald og andre utgifter	I alt	
Mindre enn 1000 1000 og neir	5 9	555 1 823	4.34 4.52	44.45 48.51	1.75 1.41	0.40 0.42	0.38 0.64	0.04 0.05	0.22 0.38	0.13 0.16	0.44 1.20	3.36 4.26	41.09 44.35
Riket	14	1 435	4.49	47.88	1.42	0.41	0.59	0.05	0.36	0.15	1.09	4.07	43.81

Dei høge driftsutgiftene for dei store fløytemeieria kjem mest av at driftsutgiftene til det daglege vedlikehaldet har vori sers store.

Brutto- og nettvinnning og driftsutgifter ved fløytemeieria har i dei 5 siste åra vori slik rekna pr. kg heilmjølk etter omrekning av fløyten.

	1946	1947	1948	1949	1950
Bruttovinning pr. kg	40.80 øre	46.05 øre	45.81 øre	45.57 øre	47.88 øre
Driftsutgifter	3.01	3.06	2.93	2.98	4.07
Nettvinnning	37.79	42.99	42.88	42.59	43.81

Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane har i dei tre siste åra vori :

Driftsutgifter	1948		1949		1950	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	1.26	43.0	1.28	43.0	1.42	34.9
Brenne, kraft, vatn, kjøling	0.44	15.0	0.40	13.4	0.41	10.1
Emballasje, driftsrekvisita	0.45	15.4	0.46	15.5	0.59	14.5
Skattar, trygder, renter på gjeld.	0.14	4.8	0.09	3.0	0.05	1.2
Frakt og køyring	0.27	9.2	0.30	10.0	0.36	8.8
Kontor- og salsutgifter	0.17	5.8	0.17	5.7	0.15	3.7
Dagleg vedlikehald og andre utg. .	0.20	6.8	0.28	9.4	1.09	26.8
Sum	2.93	100.0	2.98	100.0	4.07	100.0

I 1950 svarar driftsutgiftene til 8.48 pct. av bruttovinninga mot 6.54 pct. i 1949.

Ved samanlikning med andre driftsgrupper må ein for smør- og fløytemeieria i tillegg til utrekna nettvinnning rekna med verdet av gratis retur-

nert separert mjølk og saup og magermjølk etter fløytelevering. Sjå nærmere om dette i tabellen på side 31.

4. SÅTERMEIERI.

Denne gruppa har med meieri som får all mjølka si fra sætrar. Driftstida blir difor svært stutt, til vanleg berre fra 2 1/2 til 4 1/2 månad. Sætrane på Austlandet leverer no mjølka til meieria nede i bygda, så statistikken berre har med satermeieri på Vestlandet.

For 1950 har ein oppgåver frå 3 satermeieri på Vestlandet. Den innvegne mjølkemengda var i 1950 i alt 13 tonn kumjølk og 493 tonn geitemjølk. Satermeieria produserte mest berre ekte geitemysost. I medel var produksjonen 8.97 kg ost pr. 100 kg produksjonsmjølk.

Brutto- og nettovinning og driftsutgifter pr. kg mjølk ved satermeieria har i dei 5 siste åra vori:

	1946	1947	1948	1949	1950
Bruttovinning pr. kg	69.87 øre	96.90 øre	99.45 øre	100.81 øre	92.08 øre
Driftsutgifter	9.97	10.60	10.55	12.41	10.90
Nettovinning	59.90	86.30	88.90	88.40	81.18

Driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane har i dei tre siste åra vori:

Driftsutgifter	1948		1949		1950	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	3.44	32.6	3.33	26.8	3.08	28.3
Brenne, kraft, vatn, kjøling	3.24	30.7	3.76	30.3	3.92	36.0
Emballasje, driftsrekvisita	0.41	3.9	0.60	4.8	0.60	5.5
Skattar, trygder, renter på gjeld.	1.19	11.3	0.78	6.3	0.34	3.1
Frakt og køyring	0.08	0.8	1.42	11.4	1.04	9.5
Kontor- og salsutgifter	0.06	0.5	-	-	-	-
Dagleg vedlikehald og andre utg. .	2.13	20.2	2.52	20.4	1.92	17.6
Sum	10.55	100.0	12.41	100.0	10.90	100.0

